| 22 | Tilsetjing varabrannsjef | 70 000 | 70 000 | 70 000 | 70 000 | 280 000 |
| 23 | Inntekter tilknytning automatiske brannalarmer | -70 000 | -70 000 | -70 000 | -70 000 | -280 000 |
| | Endring driftsresultat | -4 029 300 | 796 400 | -1 767 145 | 2 922 255 | -2 077 790 |
| | **Netto driftsresultat etter endringer** | **-4 793 300** | **3 268 400** | **-575 145** | **-944 745** | **-3 044 790** |
| | Avsetning disp fond | 4 793 300 | | | 944 745 | 4 793 300 |
| | Bruk av disp fond | 0 | -3 268 400 | 575 145 | 0 | -2 693 255 |
| | **Regnskapsmessig mer/mindreforbruk** | **4 793 300** | **-3 268 400** | **575 145** | **944 745** | -2 100 045 |

**Endring premiss for Eigedomsskatt punkt C : her skal promillesatsen vere 3,2 ikkje 2,8 som vart utrekna i formannskapet.**

| S2 | NOTER til side 1 |
|---|---|
| | |
| 1 | 2019 redusert grunna valår, har gått utfrå 2018 nivå og brukt deflator for 2019 og 2020. |
| 2 | Informasjon tilseier at det vert solgt minst like mykje som i 2018, her er budsjettert med litt under halvparten slik kommunar som Bømlo og Osterøy har gjort. |
| | For 2022 har me rekna ein fjerdedel av dette beløpet, det er ikkje lagt inn noko 2021 og 2023 utover det som ligg frå før. |
| 3 | Positiv tendens 2019 og høg forventa aktivitet i næringa rundt oss 2020 gjer at me antar ein høgare skatteinngang vidare. |
| 4 | Tal frå notat frå frå rådmann til formannskapet 27.11. |
| 5 | Tal frå notat frå frå rådmann til formannskapet 27.11. |
| 6 | Lagt inn frå forslag i passive tiltak. |
| 7 | Vert halde på 6 promille heile perioden. |
| 8 | Eigedomsskatt på same nivå som 2019. Rådmannens framlegg ligg inne resten av periode. Kommunestyret må gjere ny vurdering etter retaksering. |
| 9 | Tilbakeført nedtrekk. |
| 10 | I og med at me føreslår at SLT kontakt tas i kommunal regi er tilskot til frivilligsentral redusert med kr 130 000 i staden for 200 000, |
| | 130 000 er det frivilligsentralen anslår SLT kontakt til å kosta dei. |
| 11 | Inneber at ein må fordele noko av noverande arbeidsoppgåver til andre avdelingar. |
| 12 | Krav om at det vert søkt inn tilskot til kulturavdelinga. |
| 13 | SFO opprettholdt heile perioden. |
| 14 | Legg ikkje ned skule som føreslått. |
| 15 | Foreslått å ha 7 klassar på grendane heile perioden. |
| 16 | Skyssutgift spart ved å ikkje flytta 7 kl. , her er ikkje hensynstatt eventuell kost til skyss for farleg skuleveg. Tas opp i utvalg og ser på kriterier for tildeling. |
| 17 | Tilbakeført nedtrekk. |
| 18 | Lørdagsbading i perioden bassenget er ope mellom haustferie og påskeferie. |
| 19 | Tilskot til prosjekt, utløyser tilskot frå Liv og Lysst Hordaland på kr 100 000 per år. Sjå brev frå Liv og Lysst Dåfjorden. |
| 20 | 100 000 tilbakeført av nedtrekk til kyrkja, 7 % til andre. |
| 21 | Prosjekt for å sjå på sjukefråvær o.l , disponeres av Administrasjonsutvalet. |
| 22 | Kostnadar til varabrannsjef lagt inn |
| 23 | Inntekter ved tilknytningsavgifter automatiske brannalarmer. |

Endringar til investeringsbudsjettet:
Kommunestyret set av kr. 10 500 000 til ny brannstasjon og kr. 4 385 000 til renovering av teknisk bygg i investeringsbudsjettet for 2020. Før det vert gjort endeleg vedtak om iverksetjing av prosjekta, vil kommunestyret sjå om det kan vera føremålstenleg å flytta brannstasjonen nærare sentrum. På bakgrunn av dette ber kommunestyret om at rådmannen snarast råd set opp ei sak til formannskapet som tek for seg m.a. dette:
- Frist for lukking av Arbeidstilsynet sitt avvik
- Konsekvensar for utrykkingstid og beredskap ved lokalisering av brannstasjon nærare sentrum
- Vurdering av aktuelle tomtar med omsyn til lokalisering, storleik, planstatus og grunneigarspørsmål
- Evt. praktiske og økonomiske fordeler og ulemper ved samlokalisering av brannstasjon og teknisk bygg
- Økonomiske konsekvensar på kort og lang sikt

Kommunestyret ynskjer at saka kan leggjast fram for endeleg investeringsvedtak før sommaren 2020.

Kommunestyret set ikkje av kr 310 000 til el-syklar.

Kommunestyret set av kr 155 000 til sanitæranlegg i Breiavikjo. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Friluftsrådet Vest.

Verbal føring frå H:
Fitjar kommune må utarbeida ein jobbskapar strategi, der ein går i dialog med bedriftene i Fitjar for å om mogeleg leggja tilrette for etablering av fleire arbeidsplassar men også for å sikra eksisterande.

Budsjettet byggjer på følgjande premissar:
Gebyr og avgifter:

a. Ved utrekning av forskotsskatt og forskotstrekk for 2020 og likninga for 2019 nyttar ein følgjande satsar: Inntektsskatt for personlege skatteytarar følgjer høgaste sats, justert i høve Stortinget sine vedtak.
b. Endringar i kommunale avgifter for vass, kloakk og renovasjon går fram av eiga sak.
c. Gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert auka med 24 % til 843,- (inkl. mva.) i 2020.
d. Festeavgiftene på Fitjar kyrkjegard vert vedteke i samsvar med vedtak i Fitjar Kyrkjelege Fellesråd:
    a. Festeavgift per år 200,-
    b. Reservering av grav 4 000,-
    c. Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlem 3 000,-
    d. Gravlegging utanbygds, kistegrav 7 000,-
    e. Gravlegging utanbygds, urnegrav 3 000,-
e. Administrasjonsavgiftene for festeavgifter i Fitjarstølane bustadfelt vert uendra i høve til 2019.
f. Betaling for kommunal barnehage følgjer maksimalpris sett av staten.
g. Betalingssats for SFO vert auka med 5 % i høve til 2019.
h. Betalingssats for kulturskulen vert auka med 5 % i høve til 2019.
i. Kjøp av mat frå sjukeheimen vert auka med 5 % i 2020.
j. Eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring vert auka med 5 % i 2020. Justering under 2G aukar i samsvar med statleg sats.
k. Dagspris for dagsenter for demente vert auka med 45,- til 180,-.
l. Vederlag for opphald i institusjon vert fastsett på grunnlag av vedtekter fastsette av staten. Maksimal betalingssats i Fitjar bu- og behandlingssenter vert fastsett til 87 366,- per månad / 2 911,- per døgn.
m. Sosialsatsane føl Statens sine satsar i 2020 med slikt vedtak i sak 47/18 «Fitjar kommune legg til grunn statlege rettleiande satsar for tildeling av økonomisk stønad, likevel skal det i kvar einskild sak gjerast eit skjønn rundt satsane opp mot behov»
n. Husleiger vert justert med 5 %.
o. Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:
    a. 199 685,- for små born med full plass
    b. 94 701,- for store born med full plass
    c. Satsar for ekstra bemanning føl nasjonale satsar
    d. Satsar for kapitaltilskot føl nasjonale satsar

Eigedomsskatt:
I samsvar med eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert følgjande nytta for skatteåret 2020:

a. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen.
b. Kommunestyret kontorjusterer verdigrunnlaget opp med 10 %.
c. Eigedomsskattesatsen vert sett til 6 promille for næringseigedommar. (Verk og bruk går ut som eigedomskategori etter lovendring av eigedomsskattelova §4, gjeldande frå 01.01.2019), 3,2 promille for andre eigedommar.
d. For bustaddel av eigedommar, inkludert fritidseigedommar, som ikkje nyttast til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr 250 000,- av takstverdi.
e. I samsvar med eigedomsskattelova §7a skal følgjande eigedommar ha fritak:
    I. Prestegarden (huset), FKIB AS, Havnahuset, Fitjartun, Hamn burettslag, Fitjar vidaregåande skule, bedehus, gamle skulehus (grendehus), Fjellheim

Friluftsbarnehage, Fitjar Soknerådsbarnehage, Årskog barnehage og Friluftsrådet Vest.

f. I samsvar med eigedomsskattelova §7b er bygning av historisk verdi – definert som bygning registrert i SEFRAK – gjeve fritak. Tidlegare gjevne fritak vert oppheva om eigedommen kjem inn under dette vedtaket.
g. Bustadhus (ikkje hytter) som er inntil 10 år gamle, skal ha halv eigedomsskatt.
h. Eigedomsskatten skal for 2020 betalast i fire terminar. (Eigedomar med årleg eigedomsskatt under kr 1 000,- vil få ein årleg faktura)
i. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter i "Rammer for arbeidet med eigedomsskatt" vedteke 19.12.12. Rammene for 2020 vert justert etter dette vedtaket.

Låneopptak:
a. Det vert teke opp nye lån på inntil kr 30 800 000,- til investeringsføremål i 2020.
b. Det vert teke opp lån til vidareformidling på inntil kr 2 000 000,-.

Fond:
a. Det vert vedteke å nytta følgjande fond til finansiering av driftsbudsjettet 2020:
   I. 100 000,- frå velferdsfond sjukeheimen
   II. 316 199,- til vassfondet
   III. 393 046,- frå kloakkfondet
   IV. 46 502,- frå vassdirektivet
b. Inntekter og kostnadar med renovasjon og slam vert ført mot renovasjons- og slamfondet i samsvar med oppgåver frå SIM.

Driftstilskot
Fitjar Kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

| | | |
|---|---|---|
| a. | Fitjar Kyrkjelege Fellesråd | kr 2 439 400,- |
| b. | Andre livs- og trudomssamfunn | kr 183 120,- |
| c. | Fitjar Frivilligsentral | kr 538 120,- |
| d. | TV-aksjonen | kr 7 000,- |
| e. | Norsk Landbruksrågiving | kr 30 000,- |
| f. | Liv og Lyst Dåfjorden | kr 30 000,- |

Fitjar idrettslag får 365 000,- i tilskot for vedlikehald av idrettsanlegg.

Olaug Haugen
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

# Rådmannen sine kommentarar

« Når forandringa sin vind blæs - å vera i endring"

**Om økonomiplanen som styringsinstrument**

Økonomiplanen og kommuneplanen er kommunen sine fremste styringsreiskap for lokale prioriteringar innan tenesteyting og lokalsamfunnsutvikling. Frå Fitjar kommune vert det i dagleg arbeid utført gode tenester til brukarar og innbyggjarar i Fitjar og dei kvalitetane skal me byggja vidare på. Med ein vesentleg strammare kommuneøkonomi er det er behov for å styrka Fitjar kommune sitt strategiske arbeid framover, både for å oppretthalda kvalitet og for endring. Trongen for driftsreduksjonar og omstilling er framleis vesentleg, og me helda fast i retninga som kommunestyret vedtok i 2018.

**Om Fitjar kommune sin økonomiske situasjon**

Kommunesektoren yter grunnleggjande velferdstenester, og me har store ressursar og store oppgåver. I Fitjar kommune er me ca. 340 medarbeidarar, fordelt på ca 250 årsverk. Fitjar kommune har ei nøktern drift av sine tenester, og det er berre eitt område som peikar seg ut med svært høg ressursbruk- tenesta til brukarar med ressurskrevjande behov.

Me ser at staten aukar krava til kommunesektoren:
Det skjer i aukande grad lovfesting av enkeltmenneske sine rettar til velferdstenester. Eksempel på dette er innan habiliteringstenestene, barnehageloven og opplæringsloven. I tillegg aukar krava til dokumentasjon, rapportering og kontroll, noko som krev administrasjonsressursar både i tenestene og i administrasjonen. Gjennom nasjonale reformer har staten auka oppgåveoverføringa frå spesialisthelsetenesta og beredskapsetatane til kommunane. Staten har også det siste året innført bemanningsstandarar t.d. bemanningsnorm i barnehagar, i skulane og for nokre helsetenester. Samstundes reduserer staten frie inntekter til mange av kommunane, nasjonale reformer er ikkje fullfinansierte, og inntektsgrunnlaget vert svekka gjennom reduksjon i eigedomsskatten. Gradvis fører dette til fleire oppgåver, ein strammare kommuneøkonomi og at fleksibiliteten og tilpassingsdugleiken i tenesteytinga i kommunane vert mindre. Dette utfordrar kommunen sine prioriteringar, og vår omstillingsevne - å løysa oppgåvene på nye måtar med færre midlar. Fitjar kommune som ein mellomstor distriktskommune merkar dette tydleg.

Dei regionalpolitiske tilskota vert endra for Fitjar. Basistilskotet er redusert som ein konsekvens av nytt inntektssystem i 2017, småkommunetilskotet på kr 2,85 mill. er falle bort pga. av auke i folketalet, og Fitjar sin distriktsindeks er 61. Dette kan endra seg med endra folketal over eller under 3200, men me forheld oss i budsjettet til folketalet på nasjonal teljedato 01.01.19 på 3201. Fitjar kommune har vore ein kommune med vekst i folketalet og arbeider for å leggja til rette for dette i framtida også.

Statsbudsjettet 2020 viser ein vekst på 1,6 % i frie inntekter for Fitjar kommune, medan gjennomsnittet for landet er 2,2 %. Skatteinntektene som statsbudsjettet operer med ligg framleis over forventa skatteinngang i Fitjar. Inntektsutjamninga motverkar ein vesentleg del av dette. Løns- og prisveksten (kommunal deflator) er 3,1 %, der lønsveksten utgjer 3,6 %. Forventa rammetilskot og skatteinntekter er ca. 3,4 mill. høgare i 2020 enn i 2019. Lønnsveksten åleine for Fitjar kommune i 2020 er estimert til 3,1 mill. pluss overheng. Dette stadfestar den forverra situasjonen knytt til kommunen si økonomiske ramme.

Kommunestyret fatta i budsjettsaka 19.12.18 vedtak om å ikkje endra skulestrukturen med nedlegging av grendaskulane. Dette vart finansiert med bruk av driftsfond ( med midlar frå

havbruksfondet) på ca. kr 10 mill. fordelt i hovudsak på åra 2021 og 2022. Dette tyder at ein har nytta kortsiktig finansiering til varige driftsutgifter, noko som inneber ein underliggjande ubalanse i økonomiplanen. Denne bruken av fond ligg også til grunn for økonomiplanen som me no legg fram. Faren med bruk av driftsfond til ordinært drift er at ein svekker kommunen sine økonomiske reserver, og at ein utset val og kan koma seint i gang med omstillingsarbeid. Problemstillinga vert difor aktuell igjen i komande økonomiplan 2020-2023.

Konsekvensjustert budsjett

Konsekvensjustert budsjett (KB) er den delen av budsjettet der ein fangar opp endringar i tenestene som må innfriast i tråd med lovfesta rettar, politiske vedtak eller lov- og avtaleverk. Budsjettet har innarbeida dette:

- Auka utgifter til barnevern på kr 2,3 mill.
- Auka utgifter til private barnehagar med kr 1,4 mill.
- Bortfall av inntekter på ressurskrevjande brukarar på kr 3 mill.
- Bortfall av inntekter på sal av sjukeheimsplassar
- Bortfall av ekstern finansiering av tenester til enkeltelevar med varige behov på kr 0,7 mill.
- Lønsreserve/ tilleggsløyving på 3,1 mill., redusert med kr 0,4 mill. frå 2019.

Summen av desse elementa viser at Fitjar kommune er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, og me må prioritere. Budsjettreduksjonane rådmannen foreslår vil ha bemanningsmessige konsekvensar i alle sektorar, me foreslår strukturelle endringar og tiltak som opprettheld omstillingsområda. Me søkjer å redusere omfanget av arbeidsoppgåver parallelt med reduksjon av bemanning. Me prioriterer investeringar som kjem av HMS krav, som kan redusere driftsnivået og styrke lokalsamfunnsutviklinga. Fitjar kommune må styrke sitt inntektsgrunnlag og me foreslår auka eigedomsskatt både for 2020 og ytterlegare i økonomiplanperioden. Den økonomiske balansen må betrast og me foreslår å etablere eit netto driftsresultat på 1 % i løpet av økonomiplanen. Me følgjer kommunestyret sitt vedtak om bruk av disposisjonsfond til å finansiere drift , og legg fram forslag til ein økonomiplan med negativt netto driftsresultat i 2021 og 2022, og eit positivt netto driftsresultat i 2020 og 2023.

**Forslag og konklusjon:**
Rådmannen legg fram forslag til eit budsjett der me nyttar dei store ressursane til dei grunnleggjande velferdsoppgåvene.

Kommunen er i omstilling i tråd med måla som vart vedtatt av kommunestyret 19.12.18.

Me legg fram forslag om 38 tiltak for driftsreduksjon, og 5 tiltak for å auka inntektene i økonomiplanperioden.

Dette er forslaga til endringar som har størst konsekvensar i 2020:

- Reduksjon av 5,2 årsverk på Fitjar bu- og behandlingssenter, og stenging av 4 rom.
- Reduksjon av ca. 2,3 årsverk i skulesektoren.
- Nedlegging av SFO på Øvrebygda skule vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.
- Reduksjon av 1 årsverk i kultursektoren vart endra til 0,2 årsverk i kommunestyret sitt vedtak.
- Generell reduksjon av ressursar til vikar, ekstrahjelp og driftsmidlar i heile organisasjonen.

- Gjennomføre innsparinga på 200 000, redusert med 70 000 i kommunestyret, til Fitjar frivilligsentral, og reduksjon av tilskotet til Fitjar Idrettslag med 50 000 vart reversert i kommunestyret sitt vedtak. Nye tilskotsnivå er foreslått til 538 120 til Frivilligsentralen, og 365 000 til Fitjar idrettslag.

- Auke i eigedomsskatten både i 2020, og vidare i økonomiplanperioden.

- Auke i dei fleste betalingssatsar på 5 %

- Nedlegging av Øvrebygda skule frå 1. august 2022 vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.

Me prioriterer investeringar som kjem av krav til helse- miljø og tryggleik (HMT), som kan redusere driftsnivået og fornye utviklinga i lokalsamfunnet.

- Auka satsing på IKT, digitalisering og effektivisering i alle sektorar
- Ny brannstasjon og utbetring for teknisk personell på Årskog.
- Prosjektering av Fitjarstølane barnehage.
- Grøne investeringar som reduserer driftsnivået og styrkar kommunen sitt klimaansvar.

**Om befolkning samansetning – og utvikling**

Fitjar kommune, på linje med dei fleste distriktskommunar, har ei klår demografisk utvikling. Me skal verta vesentleg fleire eldre, og har eit svakt synkande tal på barn- og unge. Det siste sjølv med ein jamn vekst i folketalet.

Dette vil bety at helse- og omsorgssektoren må prioriterast høgare, på kostnad av oppvekstsektoren. I tillegg må me møta utfordringane offensivt med arbeid for folketalsauke og helsefremmande arbeid. Dette er ein sentral del av det vedtekne omstillingsarbeidet.






**Endringar i organisasjonsstruktur**

Kommunestyret vedtok 19.12.18 ny organisasjonsstruktur for Fitjar kommune, og den vart gradvis iverksett i 2019. Organisasjonskartet ser slik ut:




Følgjande konsekvensar har dette for forståing av rammene i økonomiplanen:

Frå helse til oppvekst- og kultur:

- Helsestasjon
- Fitjar Frivilligsentral

Frå kultur til oppvekst- og kultur:

- Kulturkontoret inkl. biblioteket

**Om budsjettprosessen :**

Arbeidet med økonomiplanen har gått føre seg i administrasjon i perioden august-oktober. Dei økonomiske utfordringane og omstillingsbehovet gjer at me har arbeida djupare i organisasjonen med både mål, økonomiske rammer og tiltak for å koma i balanse. Tiltak i budsjettet er drøfta i einingar og etatane i regi av etatsleiarane.

Me har gjennomført informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 18.09.19 og 23.10.19 AMU har

økonomiplanen til handsaming i desember, før endeleg handsaming i kommunestyret 11.12.19.

Me gjennomfører eit ekstra informasjonsmøte med kommunestyret om budsjettet, slik at nye politikarar kan setja seg meir inn i materialet før ein kjem i møta der avgjerda skal fattast om økonomiplanen.

Når kommunestyret har fatta sitt økonomiplanvedtak 11.12.19, vil rådmannen gjennomføre ein teknisk kontroll av budsjettet før det vert oversendt Fylkesmannen i Vestland.

**Mål og omstillingsområde 2020-2023**

Rådmannen legg til grunn at omstillingsområda for organisasjonen slik dei er vedtekne av kommunestyret ligg fast i økonomiplanen 2020-2023, med tekstendringar på eit par punkt i kursiv skrift.

- Digitalisering i alle sektorar
- Å utvikla tenestetilboda innan helse- og omsorg med vekt på førebygging, eigenmestring og aktivitet.
- Å på nytt dimensjonere omsorgsbustadar – døgnbemanna omsorgsbustadar - institusjon.
- Realisera innhaldet i skulebruksplanen *jf. føringane som ligg i økonomiplanen.*
- Å betra levekåra for sårbare familiar, barn- og unge. Frå trygd til arbeid, aktivitet og utdanning.
- Attraktive Fitjar/ Den grøne kommunen – *klima- og* samfunnsutviklingstiltak

Kommunestyret sine vedtekne mål, med justeringar i høve til gjennomføring, går fram på s.16 – 17.

Administrasjonen meiner det er svært viktig at me viser korleis me ivaretek omstillingområda og måla i dei konkrete prioriteringane me gjer, særleg når me skal redusere driftsnivået i organisasjonen. På den måten kan me sjå korleis me dreiar tenesteytinga over tid. Dette vert rapportert i tertialrapportane til kommunestyret. Eit oversiktleg rapporteringssystem skapar etterspurnad etter resultat, og vil hjelpe til med å halda retning og tempo i organisasjonen sitt arbeid.

## Statsbudsjettet

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2019 til 2020 med 1,3 mrd. Dette skal dekke 1,3 mrd. i meirutgifter knytt til demografi. Lågare pensjonskostnadar på om lag 0,4 mrd. skal dekke satsingane på å styrke tidleg innsats i skulen (0,4 mrd.) og satsinga på rusomsorg (0,15 mrd.).

Fleire øyremerkte tilskot er lagt inn i rammetilskotet frå 2020. Denne auken i rammetilskotet kjem i tillegg til realveksten. Dei største tilskota er:

- Tilskot til psykologar
- Tilskot til dagaktivitetstilbod
- Tilskot til etablering og tilpassing av bustad
- Tilskot til tidleg innsats i skulen (særskild fordeling)

Fitjar kommune får 3,3 mill. i ordinært skjønstilskot. Dette er 200 000,- meir enn i 2019.

Andre aktuelle saker:
Investeringstilskot til sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar vert gradvis lagt om. Frå 2020 skal halvparten av tilskotet gjevast til netto nye plassar. Frå 2021 vert det berre gjeve tilskot til netto nye plassar.

Innslagspunktet for tilskot for ressurskrevjande tenester vert auka med 50 000,- ut over pårekna lønsvekst i 2019. Dette aukar Fitjar sine kostnadar med ca. 500 000 i 2020.

Lærarnorma vert lagt inn i rammetilskotet som særskild fordeling. For Fitjar vert tilskotet redusert trass i at regjeringa legg inn 400 mill. ekstra. I 2019 fekk me om lag 936 000,-, medan fordelinga for 2020 viser eit tillegg på 617 000,-.

Skatteetaten tek over skatteoppkrevjarfunksjonen 1. juni 2020. Midlane som vert trekt ut, er i storleiken 670 000,- på heilårsbasis. Dette er vel 80 000,- meir enn utgiftene våre. Effekten vert 7/12 i 2020.

**Endring i finansområda:**
Ny kommunelov har ny berekning av minimumsavdrag. Dette fører til ei lita auke i avdraga i høve tidlegare berekning. No er avdrag linka opp mot avskrivingar, samt høvet mellom eigendelar (verdiar) og gjeld.

Rentemarknaden har endra seg mykje det siste året. I førre budsjett føresette me ein kraftig oppgang som skulle vare heile planperioden. Det har vore ei vesentleg auke i rentene i 2019, men marknaden har stabile renter i denne perioden. Rentenivået i Fitjar kommune sin økonomiplan er stabilt på ca. 2,5 %.

Fitjar kommune har ein mindre del av gjeldsporteføljga på flytande rente og er difor mindre utsett for renteendringar, enn tidlegare. Total gjeld ved årsskiftet 2019/2020 vil vera om lag 247 mill. Kommunen investerer vesentleg meir enn det avdragsutgiftene er (ca. 11,2 til 12,6 mill.). Lånegjelda aukar difor i planperioden.

## Reduksjon i drift

Å redusere drifta har konsekvensar for tenestene og for våre tilsette sine arbeidsformer. Me er avhengige av å gjera nokre driftsendringar raskt for å oppnå økonomisk effekt, andre driftsendringar tek noko tid. Ein må planlegge seg til endring gjennom medverknadsprosessar med tillitsvalde, verneteneste, leiarar og medarbeidarar. Gjennom gode prosessar vil

endringsarbeidet utløysa engasjement, kunnskapsdeling og nyskaping i og rundt organisasjonen. Og slik når me måla våre.

For å få økonomiplanen i balanse må me redusere driftsnivået i organisasjonen gjennom varige tiltak. Me legg fram forslag om 38 tiltak for driftsreduksjon, og 5 tiltak for å auka inntektene. Med slike vesentlege driftsreduksjonar oppstår det ein sårbar økonomisk situasjon, der endringar i tenestebehov eller inntektsbortfall raskt kan føra til økonomisk ubalanse. Difor er det heilt naudsynt å ha etablere ein økonomisk reserve i budsjettet. Alle tiltak med økonomisk konsekvensar er vist som aktive tiltak under einingane sine ansvarsområde i økonomiplandokumentet.
Her følgjer hovudtrekka:

**Helse- og omsorg**

- Den organisatoriske omstillinga i sektoren er ferdig gjennomført frå 01.01.20.
- Me stengjer bruken av fire rom på Fitjar bu- og behandlingssenter (FBB), og reduserer grunnbemanninga med 5,2 årsverk frå 01.03.20.
- Me aukar kravet til direkte brukartid i alle helse- og omsorgstenestene og får slik meir tenestetid i kvart årsverk. Me reduserer med 1 årsverk i 2021 og 1 i 2022 og resten av økonomiplanen.
- Me opprettheld intensjonen om at det ikkje skal vera vekst i tenestene til ressurskrevjande brukarar, berre inntektsjusteringar frå staten er tatt inn.
- Omsorgsteknologi vert implementert i tråd med "Plan for digitalisering 2020-2023".

**Oppvekst og kultur**

- Den organisatoriske omstillinga i sektoren var ferdig gjennomført frå 01.08.19
- Me har som mål å redusere spesialundervisninga frå 8 til 7 %.
- Talet på stillingar i etaten vert redusert med 3,3 årsverk, det første frå 01.03.20.
- Me gjennomfører "Plan for digitalisering 2020-2023"
- Me reduserer ikkje-lovpålagte oppgåver og tek bort eit årsverk i kultursektoren og reduserer midlane til bokinnkjøp på biblioteket.
- Me legg ned SFO på Øvrebygda skule, då det er svært få brukarar. Dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.
- Me legg ned Øvrebygda skule frå 01.08.2022. Dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.
- Me opprettheld det vedtekne innsparingskravet på 200 000, redusert til 130 000 i kommunestyret, til Fitjar Frivilligsentral, men styrkar samarbeidet og sikrar ytterlegare 100 000 i prosjektinntekter til frivilligsentralen. Frivilligsentralen er gjennom møter med kommunen oppmoda om å styrka sine inntekter frå næringslivet med 100 000. Fitjar Frivilligsentral sitt styre har i sitt møte 9 oktober uttalt at dei er imot reduksjonen i kommunen sitt budsjett, og forvetningen til næringslivet sitt bidrag. Dei meiner dette er byrjinga på slutten for frivilligsentralen Jf. vedlagt notat.

**Plan- teknisk og landbruk**

- Me styrkar inntektene.
- Me omfordelar frå vaktmestetenesta til vatn- og avløp med 40 % stilling.
- Me tek bort eksternt kjøp av stilling som varabrannsjef i økonomiplanperioden. Kommunestyret vedtok å løyva 70 000 til varabrannsjefstilling finansiert med nye inntekter i tenesta.
- Me reduserer driftsutgifter på energi og drivstoff ved å gjennomføre grøne investeringar.
- Me reduserer driftstilskotet til Fitjar idrettslag med 50 000, til 315 000, dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak. Kommunen har hatt møte med idrettslaget om foreslått ny ramme og innspel til justert avtale. Styret i Fitjar idrettslag har fatta vedtak 16. oktober, at dei er imot denne reduksjonen og sender inn dokumentasjon på utgifter og dugnadsarbeid på idrettsanlegga. Jf. vedlagt brev.
- Ny fast opningstid for bassenget, frå vinterferien til påskeferien.
- Me gjer justeringar i gebyrregulativet og aukar 1M med deflator.

**Administrasjon:**

- Vedtatt omstilling med reduksjon av driftsnivået i administrasjonen er gjennomført pr 20.09.19
- Me held ei stilling vakant i 4 månadar i 2020
- Effekt av digitalisering lagt inn med reduksjon frå juli 2020
- Reduksjon av driftstilskot til Fitjar Kyrkje og andre tru- og livssynssamfunn

**Politisk leiing:**

- I tilleggsløyvingsposten ( lønsreserven) er det avsett midlar til å dekke ein lønsvekst på 3,6 %, jf. estimat i Statsbudsjettet.
- Reduserer 8% godtgjersle for løna folkevalde.
- Redusert møteaktivitet med eit møte årleg for alle utval, unntatt kommunestyret.
- Fjerna margin på lønsreserve med 350 000
- Ta bort næringstilskot, dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.

**Heile organisasjonen:**

- Vakansekrav på 450 000, gjennomført med utsetjing av tilsetjingar.
- Reduksjon i kompetansemidlar

- Auke i betalingssatsar på 5 %

**Eigedomsskatt:**
Gjeldande for 2020:

- Lovpålagt 30 % reduksjon i takstar for bustadar og fritidsbustadar
- Fitjar kontorjusterer takstane opp 10 %
- Botnfrådraget vert redusert til 50 000,- (frå 250 000,-). Dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.
- Promillesatsen for bustadar og fritidsbustadar vert auka frå 2,5 til 3,5. Kommunestyret sitt vedtak var å auke promillesatsen til 3,2.
- Promillesatsen for næring vert auka frå 6 til 7 og gjeld heile økonomiplanperioden. Dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.
- Ubygde eigedommar vert taksert slik som ubygde eigedommar i LNF-område vert taksert.
- Kommunen gjennomfører retaksering i 2020.

Gjeldande frå 2021:

- Retaksering er gjennomført
- Promillesatsen for bustadar og fritidsbustadar vert redusert frå 3,5 til 3.
- Botnfrådrag vert auka til 350 000,-.

Gjeldande frå 2023:

- Promillesatsen for bustadar og fritidsbustadar vert auka frå 3 til 4.

I tillegg er det lagt inn auke i skattegrunnlaget som følgje av ny næringsverksemd med 750 000,- i 2022 og 1,5 mill. i 2023.

Dersom det i løpet av økonomiplanperioden oppstår inntekter med tilsvarande potensiale, vil rådmannen rå til å redusere veksten i eigedomsskatt gjennom seinare økonomiplanprosessar. Dette kan gjelda skattlegging av havbruksnæringa, der det er venta ein NOU i 2020. Omfang og fordelingsnøkkel på slike potensielle inntekter er ikkje kjent og rådmannen kan ikkje rå til å forskottere dette i budsjetta.
Kraftskatteutvalet la fram si tilråding 01.10.19, og der var ingen konkrete signal om skattlegginga på vindkraft.

**Kommunale avgifter:**
Sak om kommunale avgifter vert lagt fram for kommunestyret frå utval for plan og miljø. Saksutgreiinga er lagt ved budsjettsaka som vedlegg.

Fitjar har hatt låg kommunale avgifter i fleire år. Dei seinare åra er det gjort fleire større investeringar som fører til kostnadsauke. Samstundes har kommunen fond av ein viss storleik. Ein kan difor gradvis trappa opp avgiftene på sjølvkostområda. Saka som vert lagt fram, har framlegg om følgjande endringar i kommunale avgifter (inkl. mva.) for eit vanleg bustadhus:

- Vatn + 160,- til 3 340,-
- Avløp + 425,- til 4 600,-

## Investeringar

Fitjar kommune har eit investeringsbudsjett prega av å vera naudsynt og nøkternt. Investeringane er knytt til HMS, dei kan redusere driftsnivået, og styrke og fornye lokalsamfunnsutviklinga.

Investeringsnivået er knytt til finansielle måltal for å ivareta kommunen si økonomiske berekraft. Investeringsbudsjettet som her er lagt fram er innanfor dei foreslåtte måla, som framgår i eiga sak i KS 20.11.19

I investeringsbudsjettet ligg det inne ein del faste årlege investeringar. Dette er t.d. innan IKT veg, VA. Me kommenterer ikkje desse tiltaka.

Dei største og dei nye forslaga til investeringar kommenterer me slik:

**Digitalisering i alle sektorar:**
Me aukar dei faste årlege investeringane i IKT i helse- og omsorgssektoren og oppvekst. I tillegg gjer me punktutbetringar som mogeleggjer bruk av digitale løysingar betre i tenestene og som styrkar beredskapen til kommunen. Eksempel på dette er foreslåtte investeringar på Havnahuset og FKIB. Ved auka digitalisering stiller me krav til meir effektive arbeidsformer og gevinstrealisering.

**Brannstasjon/teknisk bygg:**
Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn på brannstasjonen og pålegg har kome knytt til helse-miljø og tryggleik for tilsette. Kommunestyret sette av midlar til prosjektering i 2019, og investering i 2021, både for brann og VA. I tillegg til lukking av avviket på brann har ein sett på behovet for funksjonelle garderobeløysingar for teknisk driftspersonell, som i mange høve har dei same utfordringar og krav til garderobefasilitetar som brannmannskap. Det vil vera svært uheldig å ikkje ta med desse i samband med utbetring for brannvesenet på same lokalitet i Årskog, då dei fysiske arbeidstilhøva er mangelfulle for teknisk personell som jobbar heiltid. Tiltaka er ferdig prosjektert, og anbodsgrunnlaget ligg føre. Rådmannen foreslår ei framskunding av oppstart, og fullføring av byggearbeida i 2020 på 10,5 mill for brannstasjon og ombygging av garderobetilhøva, uteområda mm på teknisk bygg på 4,385 mill. Det siste kan delvis finansierast av sjølvkost VA. Dette er ei vesentleg høgare ramme enn det kommunestyret hadde lagt inn i eksisterande økonomiplan. Det har vorte jobba med å fremje kostnadsreduserande tiltak. Alternativ for å redusere den økonomiske ramma er å ikkje gjennomføre utbetring av bygget for teknisk personell.
Vedlagt budsjettet følgjer eige notat med prosjekteringsinformasjon og teikningar.

**Fitjarstølane barnehage:**
Gjennom vernerunden i januar 2019 vart det avdekka behov for mange tiltak for å betra det fysiske miljøet i Fitjarstølane barnehage, som ikkje har vore renovert etter at den vart bygd. Golvbelegg, veggplater i garderobar/bad og dørar må skiftast. Det er ikkje eige pauserom/arbeidsrom for dei tilsette. Vaskerom, garderobar og lagerrom er ikkje i samsvar med dagens normkrav. Det manglar vognskur, vindauge er punktert og det trengst innvendig maling av alle rom. Innvendige romløysingar er heller ikkje tenlege etter dagens behov. Det same gjeld for universell utforming.

Fitjarstølane barnehage må også sjåast i samanheng med ny barnehageplan 2020-2030, der ein ser på framtidige behov for barnehageplassar i Fitjar kommune. Dette arbeidet går føre no, etter vedtak i oppvekst- og omsorgsutvalet hausten 2019.

Rådmannen foreslår å setja av 500 000 til prosjektering i 2020, og har lagt inn ei førebels investeringsramme på 12 mill. til investering kvart år i 2021 og 2022. Gjennom

prosjekteringsarbeidet vil det verta vurdert både rehabilitering og nybygg. Ein bør gjennomføre investeringar som bidreg til å redusere driftsnivået. Lokalitet vil også verta vurdert. Saka vil verta lagt fram for kommunestyret etter prosjektering og samstundes med barnehageplanen.

**Skulestrukturendring:**
Me har ikkje foreslått utbygging av Rimbareid skule og gymsalen der, sjølv om me foreslår nedlegging av Øvrebygda skule. Grunnen til dette er at det , med dagens elevtal, er kapasitet til å ta i mot elevane på Rimbareid skule i eksisterande bygg, men kapasiteten vil då vera maksimalt nytta. Det gjev rom for å spreia investeringar over tid, og me vil foreslå ei utbygging av nokre nye klasserom, evt. parallelt med renovering av gymsalen, i 2025.

**Helsesportløype med universell utforming rundt Olstjødno:**
Totalkostnad på kr. 1,3 mill. Dette er ein del av eit større friluftsanlegg i Midtfjellet. Ein planlegg å gjere turløypa om til skiløype om vinteren. Ein har fått inn tilbod frå 3 leverandørar. Det er planlagt finansiert av eksterne midlar, ev. at kommunen går inn med delfinansiering på ca. 100 000,- og ei forskottering av spelemidlar. Det skal søkast spelemidlar for nærmiljøanlegg på 50% av totalsum.

**VA investeringar:**
**Oppgradering driftskontroll vassverket:**
Vassverket har eit gammalt driftskontrollanlegg frå 2000. Leverandøren har svært få reparatørar som kjenner til den gamle versjonen. Me har unødvendig høg varslingsfrekvens, som gir svært mange unødvendige utrykkingar. Det er stort behov for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) på vassverket, reinseanlegg og pumpestasjonar. Det er lagt inn 500.000,- kr i 2020

**Ny PLS på Vassverket:**
PLS står for programmerbar logisk styring og er sjølve «hjernen» til vassverket, den styrer alt. Det me har i dag er gammal teknologi frå 2000 talet, som er utfordrande å vedlikehalde og drifte. Det er lagt inn 550.000,- kr i 2020. Det er svært høg risiko for vassverket utan ny PLS.

**Ny kloakkpumpestasjon Årskog:**
Ved utviding av industriområdet på Årskog er det behov for ny kloakkpumpestasjon på Årskog. Det er lagt inn 1.000.000,- kr.

**Ny hovudvassleidning til Vassverket:**
I dag er ein del av hovudleidning av eternitt, dette gjeld frå Vassverk mot Fitjar sentrum/Øvrebygda. Det er behov for å skifte denne vassleidningen på grunn av alder og kvalitet. Det er lagt inn 1.500.000,- kr.

**Grøne investeringar:**
Dette er i oppfølging av verbal føring vedteken i kommunestyret om " den grøne kommunen". Kommunalbanken og KLP gjev 10 rentepunkt (0,001 %-poeng) i rabatt på lånetilboda sine til grøne rentelån.

**Ladestasjon el-bilar:**
Det er behov for å skifte den kommunale bilparken over til el-bilar, då dette er meir lønsamt for kommunen og reduserer CO2 utslepp. For å kunne skifte ut bilparken, må ladestasjonar på plass. Fitjar kommune vil søkja klimasatsmidler frå Klimadirektoratet til ladepunkt for kommunale tenestebilar, men det er ingen garanti for å få tildelt midlar.
Det er lagt inn 280.000,- kr til elektriske ladestasjonar og det kan vera mogeleg å få klimasats midlar til 50 % av kostnadene. Då blir eigenandel til kommunen 140.000,- kr.

**Utskifting av tenestebilar til el-bilar:**
Fitjar kommune leaser i dag 10 tenestebilar. Me foreslår at dei kommunale tenestebilane vert bytta ut til el-bilar, når avtalen går ut for kvar enkelt bil.

| År | Antall leasa elbilar |
|---|---|
| 2019 | 1 |
| 2020 | 2 |
| 2021 | 3 |
| 2022 | 2 |
| 2023 | 2 |

Tabellen viser overgang til elbilar pr år. Innsparinga på drivstoff er lagt inn i driftsbudsjettet. Leasingkostnad for elbilar er om lag på same nivå som leasing av fossilbilar er i dag. Det ligg inne i driftsbudsjettet og ikkje i investeringsbudsjettet.

**Utskifting av lysarmatur for gatelysa:**
Fitjar kommune har ca. 186 gatelys med HQL armatur. I fjor brukte Fitjar kommune 305 000 kWh på gatelys, det svarar til totalt 502 500,-. Driftsmessig vil det vera svært lønnsamt å investere i LED armaturer og jordfeilbryter.
Våre HQL armaturer er på 125 W og dei står på heile natta. Ved å gå over til LED på 52 W, som i tillegg dimmast automatisk til 26 W kl. 23-06 om natta, blir det energi spart. I tillegg blir det sparing på vedlikehald, då dei gamle pærene har ei levetid på 4-6 år, mens LED pærer har ei levetid på 25 år.

Haugaland Kraft har berekna årleg reduserte driftskostnadar på kr 67 561,- ved å gå frå HQL til LED armatur. Over ein 25 års periode blir det spart ca. 84 % i energi- og vedlikehaldskostnad. Fitjar kommune kan også spare 97 750 ,- kr i året i vedlikehaldskostnader, som kraftlaget utfører i dag. Teknisk avdeling utfører også vedlikehald på gatelys.

Me foreslår å investere 400 000,- årleg i 4 år for utskifting av armatur for gatelys. Reduserte driftskostnadar er lagt inn i driftsbudsjettet.

**Sentral driftsstyring (SD anlegg) for rådhuset**
Det er behov for energistyringssystem for rådhuset, og me foreslår å investere i SD anlegg. Dette vil redusere energibruken gjennom tids- og aktivitetsstyring av kontor og fellesareal, og slik redusere driftskostnadar. Det er lagt inn ein investeringskostnad på 600 000,- i 2020.

**El-syklar** vart reversert i kommunestyret sitt vedtak**:**
Fitjar kommune ønskjer å søkja klimasats midlar for innkjøp av 10 el-syklar, som kan lånast ut gratis til innbyggjarar slik at dei kan prøvast ut av mange. Fleire el-syklar som blir brukt til og frå jobb og fritidsaktivitetar betyr mindre bilbruk som igjen fører til lågare $CO_2$ utslepp. Det er lagt inn 310 000,- til el-syklar, det er mogeleg å få klimasats midlar til 50 % av kostnadene. Då blir eigendelen til kommunen 155 000,-. Me foreslår å gjennomføra denne investeringa berre dersom me får klimasatsstøtte, eller anna (offentleg) medfinansiering.

Dette tiltaket fekk særskilt positivt støtte frå ungdomsrådet sine representantar i innbyggjarpanelet i kommuneplanen.

Fitjar kommune jobbar systematisk med å utbetra, samt bygge nye gang- og sykkelvegar og legg til rette for trygg ferdsel og for auka sykkelbruk. El-sykling fører til meir fysisk aktivitet, både hos dei som vanlegvis er aktive, men også hos dei som elles har utfordringar med å vera i aktivitet. El-syklar vil vera ein god løysing i Fitjar der me stort sett har korte avstandar mellom bustadområda, skular, arbeidsplassar og fritidsaktivitetar. Det vil også vera ei viktig brikke i den

framtidige transportplanlegginga og sentrumsregulering, der grøn mobilitet står på dagsorden lokalt og nasjonalt. El-syklar er framleis ei dyr investering for mange, men med dette prosjektet vil me inspirere mange til å prøve. Gratis utlån vil stimulere til auka sykkellyst og kanskje føre til investering i eigne syklar på sikt.

El-syklane kan lånast ut av kundetorget og t.d. på hotell og sportsbutikk. Rutinane for dette må utviklast dersom investeringa vert vedteken.

Fleire kommunar har kjøpt inn elsyklar og det er eit populært tiltak blant innbyggarane.

## Mål 2020-2023

Måla som er prega av omstilling vart vedtatt for økonomiplanen 2019-2022. Måla bør haldast stabilt over tid. Nokre få målformuleringar foreslår me justert i tråd med verbale føringar, gjennomførte tiltak og vurdering av realiserbar måloppnåing. Me foreslår å ta inn finansielle måltal. Endringane er markert med kursiv skrift.

### Tverrsektorielle mål:

**Digitalisering**

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.
- Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim.
- Digitalisering i skulen vil gje tilsette fleire verktøy for tilpassa undervisning, og saman med tidleg innsats er målet å redusera behovet for spesialundervisning frå om lag 8 % til 7 %.
- Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og *redusere kommunen sine administrasjonskostnadar.*
- *Iverksette* «Plan for digitalisering 2020-2023»

**Kompetanse og måloppnåing**

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

**Nærvær og sjukefråvær**

- Sjukefråværet skal vera under 6 %

**Attraktive Fitjar**

- Attraktive Fitjar - kommuneplanen sin samfunnsdel, tettstadsutvikling og miljø- og næringsutvikling.

**Finansielle måltal:**

Ny kommunelov seier at kommunestyret skal vedta finansielle måltal. Det vert fremja eiga sak parallelt med budsjettet. Desse måltala er i høve framlegg til finansielle måltal:

- **Sunnheitsindikator** – Netto driftsresultat skal vera på minst 1 % av brutto driftsinntekter. I framlegget til budsjett når ein dette måltalet først i 2023. Kommunestyret sitt vedtak når ein dette målet i 2020, men ikkje i dei seinare åra.
- **Gjeldsbelastningsindikator** – Langsiktig gjeld skal ikkje vera meir enn 90 % av brutto driftsinntekter. I budsjettframlegget ligg ein marginalt over denne grensa i perioden 2021- 2023.
- **Renteeksponeringsindikator** – Risiko som skildra i finans- og gjeldsforvaltningsreglementet, skal ikkje vera høgare enn låg risiko; 0,2 % av brutto driftsinntekter.
- **Likviditetsindikator** – Arbeidskapital skal vera minst 17 % av brutto driftsinntekter.
- **ROBEK-indikator** – Fri eigenkapital skal vera minst 10 % av brutto driftsinntekter. Budsjettframlegget legg opp til å nå dette målet i heile perioden.

## Mål for etatar og einingar

**Helse- og omsorg**

- Auka innsats på førebygging, eigenmestring og aktivitet motverkar passivitet og einsemd, og skal slik bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester.
- Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanna omsorgsbustad – institusjon vil gje reduserte kostnadar i helse- og omsorgstenestene.
- Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, og betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge.
  - Redusere gjennomsnittleg stønadslengde for mottakarar 18-24 år, til mindre enn 4 mnd.
  - Redusere tal på sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-24 år, til færre enn 5.
  - Redusere tal sosialhjelpsmottakarar med stønad i meir enn 6 månader, til færre enn 25 personar.

**Skule og oppvekst**

- Realisere innhaldet i skulebruksplanen jf. føringane som ligg i økonomiplanen 2020 - 2023.
- Auka læringsutbytte. Under 10 % av elevane på det lågaste nivået, over 15 % av elevane på det høgste nivået målt på nasjonale prøvar på 5. trinn.
- Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbyte.
- Samordna innhaldet i SFO – tilboda i ved skulane gjennom ein felles plan.
- Laga ny barnehageplan 2020 – 2030. Framskriving av barnetal, barnehagestruktur m.m. jf. politisk sak 39/19 i utval for oppvekst og omsorg.

***Førebyggjande helse***

- Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov.
- Styrkje og utvikle tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule, både på system- og individnivå.

**Kultur**

- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla, og etablera nye, aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap

**Plan- og utvikling og teknisk**

- *Bidra til å realisere miljø- og klimatiltak Jfr verbal føring " Den grøne kommunen"*
- Bidra til å realisere *ny reguleringsplan for Fitjar sentrum*
- Realisere byggeprosjekt som når måla for tenestene
- Økonomisk balanse i sjølvkostområda.

## Premissar for budsjettet:

Gebyr og avgifter:

p. Ved utrekning av forskotsskatt og forskotstrekk for 2020 og likninga for 2019 nyttar ein følgjande satsar: Inntektsskatt for personlege skatteytarar følgjer høgaste sats, justert i høve Stortinget sine vedtak.
q. Endringar i kommunale avgifter for vass, kloakk, brannsyn og feiing og tilsyn med fyringsanlegg går fram av eiga sak.
r. Festeavgiftene på Fitjar kyrkjegard vert vedteke i samsvar med vedtak i Fitjar Kyrkjelege Fellesråd (vedtaket er ikkje motteke enno):
    a. Festeavgift per år 200,-
    b. Reservering av grav 4 000,-
    c. Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlem 3 000,-
    d. Gravlegging utanbygds, kistegrav 7 000,-
    e. Gravlegging utanbygds, urnegrav 3 000,-
s. Administrasjonsavgiftene for festeavgifter i Fitjarstølane bustadfelt vert uendra i høve til 2019.
t. Betaling for kommunal barnehage følgjer maksimalpris sett av staten.
u. Betalingssats for SFO vert auka med 5 % i høve til 2019.
v. Betalingssats for kulturskulen vert auka med 5 % i høve til 2019.
w. Kjøp av mat frå sjukeheimen vert auka med 5 % i 2020.
x. Eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring vert auka med 5 % i 2020. Justering under 2G aukar i samsvar med statleg sats.
y. Dagspris for dagsenter for demente vert auka med 45,- til 180,-.
z. Vederlag for opphald i institusjon vert fastsett på grunnlag av vedtekter fastsette av staten. Maksimal betalingssats i Fitjar bu- og behandlingssenter vert fastsett til 87 366,- per månad / 2 911,- per døgn.
æ. Sosialsatsane føl Statens sine satsar i 2020 med slikt vedtak i sak 47/18 «Fitjar kommune legg til grunn statlege rettleiande satsar for tildeling av økonomisk stønad, likevel skal det i kvar einskild sak gjerast eit skjønn rundt satsane opp mot behov»
ø. Husleiger vert justert med 5 %.
å. Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:
    a. 199 685,- for små born med full plass
    b. 94 701,- for store born med full plass
    c. Satsar for ekstra bemanning føl nasjonale satsar
    d. Satsar for kapitaltilskot føl nasjonale satsar

Eigedomsskatt:

I samsvar med eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert følgjande nytta for skatteåret 2020:

j. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen.
k. Kommunestyret kontorjusterer verdigrunnlaget opp med 10 %.
l. Eigedomsskattesatsen vert ~~sett til~~ uendra på 6 promille for næringseigedommar. (Verk og bruk går ut som eigedomskategori etter lovendring av eigedomsskattelova §4, gjeldande frå 01.01.2019), ~~3,5~~ og 3,2 promille for andre eigedommar.
m. For bustaddel av eigedommar, inkludert fritidseigedommar, som ikkje nyttast til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr ~~50 000,-~~ 250 000,-av takstverdi.
n. I samsvar med eigedomsskattelova §7a skal følgjande eigedommar ha fritak:
    I. Prestegarden (huset), FKIB AS, Havnahuset, Fitjartun, Hamn burettslag, Fitjar vidaregåande skule, bedehus, gamle skulehus (grendehus), Fjellheim Friluftsbarnehage, Fitjar Soknerådsbarnehage, Årskog barnehage og Friluftsrådet Vest.
o. I samsvar med eigedomsskattelova §7b er bygning av historisk verdi – definert som bygning registrert i SEFRAK – gjeve fritak. Tidlegare gjevne fritak vert oppheva om eigedommen kjem inn under dette vedtaket.
p. Bustadhus (ikkje hytter) som er inntil 10 år gamle, skal ha halv eigedomsskatt.

q. Eigedomsskatten skal for 2020 betalast i fire terminar. (Eigedomar med årleg eigedomsskatt under kr 1 000,- vil få ein årleg faktura)
r. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter i "Rammer for arbeidet med eigedomsskatt" vedteke 19.12.12. Rammene for 2020 vert justert etter dette vedtaket.

Låneopptak:
c. Det vert teke opp nye lån på inntil kr ~~29 100 000,-~~ 30 800 000,- til investeringsføremål i 2020.
d. Det vert teke opp lån til vidareformidling på inntil kr 2 000 000,-.

Fond:
c. Det vert vedteke å nytta følgjande fond til finansiering av driftsbudsjettet 2020:
    I. 100 000,- frå velferdsfond sjukeheimen
    II. 316 199,- til vassfondet
    III. 393 046,- frå kloakkfondet
    IV. 46 502,- frå vassdirektivet
d. Inntekter og kostnadar med renovasjon og slam vert ført mot renovasjons- og slamfondet i samsvar med oppgåver frå SIM.

Driftstilskot
Fitjar Kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

| | | | |
|---|---|---|---|
| f. | Fitjar Kyrkjelege Fellesråd | kr | ~~2 339 400,-~~ 2 439 400,- |
| g. | Andre livs- og trudomssamfunn | kr | ~~176 120,-~~ 183 120,- |
| h. | Fitjar Frivilligsentral | kr | ~~468 120,-~~ 538 120,- |
| i. | TV-aksjonen | kr | 7 000,- |
| j. | Norsk Landbruksrågiving | kr | 30 000,- |
| k. | Liv og Lyst Dåfjorden | kr | 30 000,- |

Fitjar idrettslag får ~~315 000,-~~ 365 000,- i tilskot for vedlikehald av idrettsanlegg.

## Helse, miljø og tryggleik

Etter rammeverk for personal og HMT vert det gjennomført vernerundar og risikovurderingar ved arbeidsplassane fyrste kvartal kvart år. Rapportane kjem som sak til Arbeidsmiljøutvalet før sommaren. Medan nokre av vurderingane går på arbeidsprosessar og utstyr, gjev andre eit bilete av at det er trong for investeringar. Det skal både for vernerundane og risikovurderingane vurderast om oppfølging kan skje i eininga, eller om det må følgjast opp sentralt i kommunen.

Funn i vernerunde og arbeidsmiljøomsyn har vore avgjerande for investeringsanbefalingane som er gitt i budsjettet. Midlar sett av til prosjektering og bygging av ny barnehage er eit resultat av dei funn og risikovurderingar som er gjort på Fitjarstølane barnehage. Førebygging av eksponering kjemisk helsefare ved brannrøyk, samt betre sanitære forhold for VA-personell, har vore avgjerande for midlane satt av til investering i ny brannstasjon på Årskog og VA. Drivande for denne utbygginga har vore det landsdekkande tilsynet frå Arbeidstilsynet med brannstasjonar.

Eit viktig mål for 2020 og økonomiplanperioden er å redusere sjukefråværet. Frå perioden 2015 til 2018 har sjukefråværet sakte gått frå 5,3 % til 7,5 % Heldigvis ser ein no teikn på at den negative trenda er stoppa, og at ein sakte arbeidar seg nedover igjen. Dette er eit konkret resultat som fylgje av målretta prosjekt og tiltak på enkelteiningar. Det totale sjukefråværet i kommunen i årets første 8 månader er 6,93 %, som er 0,39 prosentpoeng lågare enn same periode i 2018.

I 2020 vil einingsleiarar og personalavdelinga fortsette å ha fokuset på langtidssjukemelde, i samarbeid med Attføringsutvalet. Avdelingsleiarar skal arbeide konkret med korttidsfråværet, med mål om å få tilsette raskt tilbake på arbeidsplassen, anten fullt eller med ein tilpassa arbeidskvardag. Ny rutine for sjukefråværsoppfølging skal forenkla og standardisera denne prosessen.

Arbeidsmiljøutvalet får endra sin karakter i 2020, då ny kommunelov krev ei rein administrativ arbeidsgjevarside. Då den eldre ordninga med representasjon av ordførar og varaordførar har fungert bra, ynskjer administrasjonen å gjera meir aktiv bruk av  ein arena kor tillitsvalde, folkevalde, og administrasjonen drøftar forhold relatert til kommunen som arbeidsplass. Ein eigna arena er Administrasjonsutvalet, som er lovpålagt, og allereie har mandat og medlemar jf. personalpolitisk rammeverk. Dersom dette vert løysinga bør ein sjå nærare på både samansetning og møtefrekvens for både Administrasjonsutvalet og Arbeidsmiljøutvalet.

Administrasjonen gjennomførar ei medarbeidarundersøking kalla 10-faktorundersøkinga kvart andre år. Undersøkinga går ut til alle tilsette, og vert følgt opp på avdelingsnivå. Undersøkinga skal resultere i ei tiltaksliste som avdelingane arbeidar med det neste året. Undersøkinga har vore gjennomført to gonger, neste gong i 2020. Ein har nytta både eksterne og interne ressursar til gjennomføring og kompetanseheving (finansiert med OU-midlar frå KS).

Administrasjonen har også hatt fokus på kompetanseheving hjå leiarane i kommunen. Me har nytta møtestaden «Leiarforum», som møtes omlag ein gang i kvartalet, til å gjennomføre felles opplæring. I 2019 vart det gjennomført kurs i nedbemanning, kurs i praktisk gjennomføring av 10-faktorundersøkinga og oppfølging av sjukefråvær. I 2020 vurderer ein kursing om roller og samarbeid mellom leiarar og tillitsvalde, prosjektleiing og endringsleiing.

Velferdsklubben i Fitjar kommune blei skipa i desember 2013. Arrangementa til velferdsklubben har vist seg å være ein populær møteplass for dei tilsette, deltakartalet har vore jamt dei siste åra. Arrangementa er ein god samlingsplass for dei tilsette på tvers av avdelingar og fagområde. Rådmannen ser at velferdsklubben har vore positiv for arbeidsmiljøet i Fitjar kommune, og vidareført det årlege tilskotet til velferdsklubben på kr 32 500,- i økonomiplanperioden.

Kommunestyret løyver kr 100 000,- til arbeidsmiljøtiltak for å sjå på sjukefråværet. Midlane skal disponerast av administrasjonsutvalet.

## Beredskap

Ei rekkje lovverk pålegg kommunane kommunal beredskapsplikt. Fitjar brann og redning er omtalt særskilt under teknisk avdeling.

Fitjar kommune har beredskapsråd, kriseleiing og psykososial krisegruppe. Me har gjennomført fire øvingar i kriseleiinga i 2019, og me deltek på fylkesmannen sine fylkesdekkande beredskapsøvingar. Me har oppdatert Beredskapsplan i 2018. Arbeidet med beredskap er styrka for heile organisasjonen ved innføring «Beredskapsveka» i veke 3 kvart år, første gong i 2019. Då jobbar organisasjonen med internkontroll beredskap på alle einingar, og gjennomfører øvingar. Kommunen har framleis eit par beredskapsplanar frå 2007 som må oppdaterast. Fylkesmannen gjennomfører tilsyn med den kommunale beredskapsplikta i oktober 2019.

# Økonomiske oversikter

## Bevillingsoversikt – drift 2020

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -111 796 | -110 439 | -109 053 |
| Inntekts- og formuesskatt | -81 638 | -85 594 | -93 214 |
| Eigedomsskatt | -15 108 | -18 580 | -18 580 |
| Andre generelle driftsinntekter | -12 389 | -300 | -6 000 |
| Sum generelle driftsinntekter | -220 932 | -214 913 | -226 847 |
| Sum bevilling drift, netto | 200 811 | 212 742 | 217 288 |
| Brutto driftsresultat | -20 121 | -2 171 | -9 559 |
| Renteinntekter | -1 006 | -1 124 | -1 341 |
| Utbytte | -41 | 0 | 0 |
| Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar | 716 | 408 | 170 |
| Renteutgifter | 4 284 | 4 792 | 6 320 |
| Avdrag på lån | 9 808 | 10 280 | 11 235 |
| Netto finansutgifter | 13 761 | 14 356 | 16 383 |
| Motpost avskrivingar | -11 090 | -11 453 | -11 618 |
| **Netto driftsresultat** | **-17 450** | **732** | **-4 793** |
| | | | |
| **Disponering / dekking av netto driftsresultat** | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | |
| Netto avsetjingar til eller bruk av bundne driftsfond | 978 | -902 | -1 057 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond | 16 472 | 169 | 5 850 |
| Dekking av tidlagare års meirforbruk | 0 | 0 | |
| **Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat** | **17 450** | **-733** | **4 793** |
| Ført til inndekking i seinare år | 0 | 0 | -0 |
| | | | |
| **Bevilling drift** | | | |
| Helse og sosial | 25 387 | 27 299 | 12 987 |
| Institusjon | 22 124 | 23 233 | 23 892 |
| Heimebaserte tenester | 44 868 | 46 206 | 22 923 |
| Habilitering | | | 25 500 |
| Helsespesialistar | | | 5 435 |
| NAV | | | 7 187 |
| **Sum Helse, sosial og omsorg** | **92 380** | **96 738** | **97 925** |
| Skule og oppvekstadministrasjon | 21 914 | 24 848 | 29 085 |
| Rimbareid skule | 35 582 | 35 645 | 33 769 |
| Øvrebygda skule | 6 751 | 6 743 | 5 377 |
| Selevik skule | 4 200 | 4 296 | 4 416 |
| Fitjarstølane barnehage | 4 953 | 5 333 | 5 419 |
| Kultur | 2 121 | 2 476 | 2 717 |
| **Sum Oppvekst og kultur** | **75 520** | **79 340** | **80 783** |
| Plan, byggesak og oppmåling | 1 016 | 434 | 196 |
| Drift og vedlikehald | 16 817 | 16 155 | 15 778 |
| VAR | -545 | -345 | -246 |
| SFLMK | 3 113 | 3 764 | 3 660 |
| Brann og beredskap | 3 201 | 3 384 | 3 493 |
| **Sum Plan, utvikling og teknisk** | **23 602** | **23 391** | **22 881** |
| Politisk leiing | 3 001 | 6 766 | 6 467 |
| Administrasjon | 13 094 | 12 472 | 11 830 |
| Økonomisk forvaltning | -6 786 | -5 965 | -2 598 |
| **Sum bevilling drift** | **200 811** | **212 742** | **217 288** |

## Bevillingsoversikt – investering 2020

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 14 608 | 55 380 | 40 563 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 794 | 720 | 660 |
| Utlån av eigne midlar | 0 | 700 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 |
| **Sum investeringsutgifter** | **15 403** | **56 800** | **41 223** |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -1 875 | -11 076 | -8 158 |
| Tilskot frå andre | -508 | -17 636 | -1 855 |
| Sal av varige driftsmidlar | -18 | 0 | 0 |
| Sal av finansielle anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling frå selskap | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar | 0 | 0 | -700 |
| Bruk av lån | -13 150 | -27 414 | -30 550 |
| **Sum investeringsinntekter** | **-15 550** | **-56 126** | **-41 263** |
| Vidareutlån | 650 | 2 000 | 2 000 |
| Bruk av lån til vidareutlån | -650 | -2 000 | -2 000 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 1 357 | 1 350 | 1 350 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | -1 870 | -400 | -1 115 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | **-512** | **950** | **235** |
| Overføring frå drift | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av bundne investeringsfond | -353 | -904 | -235 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av ubunde investeringsfond | -232 | -720 | 40 |
| Dekking av tidligare års udekka beløp | 1 245 | 0 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsetjingar** | **660** | **-1 624** | **-195** |
| Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp) | 0 | 0 | 0 |

## Bevillingsoversikt investering

| Tittel | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Investeringar i 2020-2023** | | | | |
| **Administrasjon** | | | | |
| IKT administrasjonen og felles. | 280 000 | 280 000 | 280 000 | 280 000 |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 660 000 | 685 000 | 710 000 | 730 000 |
| Oppgradering Agresso | 60 000 | | | |
| **Skule og barnehage** | | | | |
| IKT skule | 600 000 | 600 000 | 600 000 | 600 000 |
| Inventar skule | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 |
| **Pleie og omsorg** | | | | |
| Velferdsteknologi | 600 000 | 600 000 | 600 000 | 600 000 |
| Møblar Havnahuset | 50 000 | | | |
| Møblar dagtilbodet i Bakken | 100 000 | | | |
| **Grøn kommune** | | | | |
| Klimasats midler ladestasjoner for kommunale tjenestebiler | 280 000 | | | |
| **Drift og vedlikehald** | | | | |
| Driftskontroll Rådhuset | 600 000 | | | |
| Bustadar rus | | 2 600 000 | | |
| Gartnartunet | 2 000 000 | | | |
| Drenering og belysning av uteområde Rimbareid | 200 000 | | | |
| Ventilasjon Havnahuset | | 350 000 | | |
| Garderobe Havnahuset | | 100 000 | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Veg generell / Sæterbøvegen | 500 000 | 500 000 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Skilt | 200 000 | | | |
| Barnehage prosjektering | 500 000 | 12 000 000 | 12 000 000 | |
| Trådlaust nettverk Havnahuset | 300 000 | | | |
| Trådlaust nettverk FKIB | 200 000 | | | |
| Oppgradering kjøkken FBB | | | 150 000 | |
| Bruktbil med lasteplan | | | 350 000 | |
| Kommuneoverlege hus Vestbøstad, ny varmepumpe og ny ventilasjon | | | | 150 000 |
| Utskifting av gatelys tiLED-lys | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| Sanitæranlegg Breiavikjo | 155 000 | | | |
| **Beredskap** | | | | |
| Ny brannstasjon | 10 500 000 | | | |
| **Plan, byggesak og oppmåling** | | | | |
| Digitalisering av eigedomsarkiv | 200 000 | | | |
| **Utbygging** | | | | |
| Attraktive sentrum | 950 000 | | | |
| **Kultur** | | | | |
| Universell utforma turløype Olstjødna * | 1 300 000 | | | |
| Akebakke - Midtfjellet * | 600 000 | | | |
| E-sportanlegg FKIB* | 200 000 | | | |
| **VAR** | | | | |
| Div. småanlegg vass | 250 000 | 250 000 | 250 000 | 250 000 |
| Avlaup småanlegg | 250 000 | 250 000 | 250 000 | 250 000 |
| Oppgradering driftskontroll Vassverk | 500 000 | | | |
| Høgdebasseng Fitjarstølane | | 3 000 000 | | |
| Renovering teknisk bygg (25 % teknisk) | 4 385 000 | | | |
| Ny PLS på Vassverket | 550 000 | | | |
| Ny kloakkpumpestasjon Årskog | 1 000 000 | | | |
| Ny hovedvassledning til Vassverket | 1 500 000 | | | |
| **Kyrkja** | | | | |
| Fornying gravfelt | 1 190 000 | 700 000 | | |
| | **31 210 000** | **22 465 000** | **16 740 000** | **4 410 000** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sum aksjar og frikjøp | 660 000 | 685 000 | 710 000 | 730 000 |
| Sum ordinær investering | 23 211 250 | 18 280 000 | 15 530 000 | 3 180 000 |
| Sum VAR | 7 338 750 | 3 500 000 | 500 000 | 500 000 |
| **Sum** | **31 210 000** | **22 465 000** | **16 740 000** | **4 410 000** |

## Økonomisk oversikt etter art – drift 2020

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -111 796 | -110 439 | -109 053 |
| Inntekts- og formuesskatt | -81 638 | -85 594 | -93 214 |
| Eigedomsskatt | -15 108 | -18 580 | -18 580 |
| Andre skatteinntekter | 0 | 0 | 0 |
| Andre overføringar og tilskot fra staten | -12 389 | -300 | -6 000 |
| Overføringar og tilskot frå andre | -76 017 | -65 284 | -56 693 |
| Brukarbetalingar | -6 186 | -6 153 | -6 962 |
| Sals- og leigeinntekter | -18 500 | -19 378 | -19 243 |
| **Sum driftsinntekter** | **-321 635** | **-305 728** | **-309 745** |
| Lønsutgifter | 154 090 | 144 325 | 143 163 |
| Sosiale utgifter | 40 707 | 41 383 | 39 113 |
| Kjøp av varer og tenester | 80 014 | 79 928 | 80 488 |
| Overføringar og tilskot til andre | 15 613 | 26 468 | 25 889 |
| Avskrivningar | 11 090 | 11 453 | 11 533 |
| **Sum driftsutgifter** | **301 514** | **303 557** | **300 186** |
| **Brutto driftsresultat** | **-20 121** | **-2 171** | **-9 559** |
| Renteinntekter | -1 048 | -1 124 | -1 341 |
| Utbytte | 0 | 0 | 0 |
| Vinster og tap på finansielle omløpsmidlar | 716 | 408 | 170 |
| Renteutgifter | 4 284 | 4 792 | 6 320 |
| Avdrag på lån | 9 808 | 10 280 | 11 235 |
| **Netto finansutgifter** | **13 761** | **14 356** | **16 383** |
| Motpost avskrivningar | -11 090 | -11 453 | -11 618 |
| **Netto driftsresultat** | **-17 450** | **732** | **-4 793** |
| | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetjing til eller bruk av bundne driftsfond | 978 | -902 | -1 057 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond | 16 472 | 169 | 5 850 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat** | **17 450** | **-733** | **4 793** |
| **Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** |

## Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i økonomiplanen og årsbudsjettet

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Pensjonsforpliktingar** | | | | | | |
| KLP | 278 581 | 293 364 | 300 633 | 313 937 | 327 242 | 340 546 |
| SPK | 65 013 | 58 861 | 64 141 | 69 570 | 75 155 | 80 899 |
| **Sum pensjonsforpliktingar** | **343 594** | **352 226** | **364 774** | **383 508** | **402 397** | **421 445** |
| | | | | | | |
| **Lån** | | | | | | |
| Lån til fastrente | 42 646 | 40 679 | 70 310 | 88 575 | 101 168 | 108 081 |
| Lån til flytande rente | 193 745 | 206 473 | 195 197 | 185 107 | 175 643 | 166 740 |
| **Sum lån** | **236 391** | **247 152** | **265 507** | **273 682** | **276 811** | **274 821** |
| | | | | | | |
| **Rentebytteavtalar** | | | | | | |
| Nordea | 39 500 | 38 500 | 37 500 | 31 500 | 30 500 | 10 000 |
| Sparebanken Vest | | 27 000 | 27 000 | 27 000 | 27 000 | 27 000 |
| **Sum rentebytteavtalar** | **39 500** | **65 500** | **64 500** | **58 500** | **57 500** | **37 000** |

Alle rentebytteavtalar betalar Fitjar kommune fastrente og mottek flytnande rente

## Bevillingsoversikt – drift økonomiplan 2020 -2023

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -109 053 | -106 715 | -106 412 | -106 420 |
| Inntekts- og formuesskatt | -93 214 | -93 214 | -93 214 | -93 214 |
| Eigedomsskatt | -18 580 | -21 034 | -21 788 | -24 582 |
| Andre generelle driftsinntekter | -6 000 | -300 | -3 300 | -300 |
| Sum generelle driftsinntekter | -226 847 | -221 263 | -224 714 | -224 516 |
| Sum bevilling drift, netto | 217 288 | 218 452 | 217 498 | 216 647 |
| Brutto driftsresultat | -9 559 | -2 811 | -7 216 | -7 869 |
| Renteinntekter | -1 341 | -1 409 | -1 339 | -1 339 |
| Utbytte | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar | 170 | 138 | 227 | 89 |
| Renteutgifter | 6 320 | 7 027 | 7 023 | 7 163 |
| Avdrag på lån | 11 235 | 12 043 | 12 373 | 12 575 |
| Netto finansutgifter | 16 383 | 17 799 | 18 284 | 18 488 |
| Motpost avskrivingar | -11 618 | -11 719 | -11 643 | -11 534 |
| **Netto driftsresultat** | **-4 793** | **3 269** | **-575** | **-915** |
| | | | | |
| **Disponering / dekking av netto driftsresultat** | | | | |
| Overføring til investering | | | | |
| Netto avsetjingar til eller bruk av bundne driftsfond | -1 057 | -635 | -198 | -149 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond | 5 850 | -2 633 | 773 | 1 064 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | | | | |
| **Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat** | **4 793** | **-3 269** | **575** | **915** |
| Ført til inndekking i seinare år | -0 | 0 | 0 | 0 |
| | | | | |
| **Bevilling drift** | | | | |
| Helse og sosial | 12 987 | 12 987 | 12 987 | 12 987 |
| Institusjon | 23 892 | 23 552 | 22 263 | 22 263 |
| Heimebaserte tenester | 22 923 | 22 282 | 21 628 | 21 623 |
| Habilitering | 25 500 | 25 519 | 25 519 | 25 519 |
| Helsespesialistar | 5 435 | 5 435 | 5 435 | 5 435 |
| NAV | 7 187 | 7 139 | 7 129 | 7 129 |
| **Sum Helse, sosial og omsorg** | **97 925** | **96 913** | **94 960** | **94 955** |
| Skule og oppvekstadministrasjon | 29 085 | 29 065 | 29 058 | 29 027 |
| Rimbareid skule | 33 769 | 34 544 | 34 094 | 33 276 |
| Øvrebygda skule | 5 377 | 5 772 | 6 255 | 6 255 |
| Selevik skule | 4 416 | 4 446 | 4 446 | 4 446 |
| Fitjarstølane barnehage | 5 419 | 5 419 | 5 419 | 5 419 |
| Kultur | 2 717 | 2 751 | 2 834 | 2 834 |
| **Sum Oppvekst og kultur** | **80 783** | **81 996** | **82 105** | **81 256** |
| Plan, byggesak og oppmåling | 196 | 309 | 64 | 64 |
| Drift og vedlikehald | 15 778 | 16 110 | 16 502 | 16 488 |
| VAR | -246 | -622 | -1 144 | -1 156 |
| SFLMK | 3 660 | 3 660 | 3 660 | 3 660 |
| Brann og beredskap | 3 493 | 3 530 | 3 530 | 3 530 |
| **Sum Plan, utvikling og teknisk** | **22 881** | **22 986** | **22 611** | **22 585** |
| Politisk leiing | 6 467 | 6 288 | 6 288 | 6 288 |
| Administrasjon | 11 830 | 11 725 | 12 438 | 12 433 |
| Økonomisk forvaltning | -2 598 | -1 456 | -904 | -870 |
| **Sum bevilling drift** | **217 288** | **218 452** | **217 498** | **216 647** |

## Bevillingsoversikt – investering 2020-2023

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 40 563 | 27 225 | 20 038 | 4 600 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 660 | 685 | 710 | 730 |
| Utlån av eigne midlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum investeringsutgifter** | **41 223** | **27 910** | **20 748** | **5 330** |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -8 158 | -5 445 | -4 008 | -920 |
| Tilskot frå andre | -1 855 | 0 | 0 | 0 |
| Sal av varige driftsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sal av finansielle anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling frå selskap | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar | -700 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -30 550 | -21 780 | -16 030 | -3 680 |
| **Sum investeringsinntekter** | **-41 263** | **-27 225** | **-20 038** | **-4 600** |
| Vidareutlån | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Bruk av lån til vidareutlån | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 1 350 | 1 582 | 1 498 | 1 415 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | -1 115 | -1 195 | -1 275 | -1 355 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | **235** | **387** | **223** | **60** |
| Overføring frå drift | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av bundne investeringsfond | -235 | -387 | -223 | -60 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av ubunde investeringsfond | 40 | -685 | -710 | -730 |
| Dekking av tidlegare års udekka beløp | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsetjingar** | **-195** | **-1 072** | **-933** | **-790** |
| Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp) | 0 | 0 | 0 | 0 |

## Økonomisk oversikt etter art – drift 2020 - 2023

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -109 053 | -106 715 | -106 412 | -106 420 |
| Inntekts- og formuesskatt | -93 214 | -93 214 | -93 214 | -93 214 |
| Eigedomsskatt | -18 580 | -21 034 | -21 788 | -24 582 |
| Andre skatteinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | -6 000 | -300 | -3 300 | -300 |
| Overføringar og tilskot frå andre | -56 693 | -54 749 | -54 341 | -54 302 |
| Brukarbetalingar | -6 962 | -6 962 | -6 962 | -6 962 |
| Sals- og leigeinntekter | -19 243 | -19 443 | -19 563 | -19 466 |
| **Sum driftsinntekter** | **-309 745** | **-302 417** | **-305 580** | **-305 246** |
| Lønsutgifter | 143 163 | 142 731 | 141 035 | 140 140 |
| Sosiale utgifter | 39 113 | 39 324 | 39 107 | 39 210 |
| Kjøp av varer og tenester | 80 488 | 80 060 | 80 064 | 79 982 |
| Overføringar og tilskot til andre | 25 889 | 25 857 | 26 601 | 26 566 |
| Avskrivingar | 11 533 | 11 634 | 11 557 | 11 448 |
| **Sum driftsutgifter** | **300 186** | **299 606** | **298 364** | **297 347** |
| **Brutto driftsresultat** | **-9 559** | **-2 811** | **-7 216** | **-7 899** |
| Renteinntekter | -1 341 | -1 409 | -1 339 | -1 339 |
| Utbytte | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Vinster og tap på finansielle omløpsmidlar | 170 | 138 | 227 | 89 |
| Renteutgifter | 6 320 | 7 027 | 7 023 | 7 163 |
| Avdrag på lån | 11 235 | 12 043 | 12 373 | 12 575 |
| **Netto finansutgifter** | **16 383** | **17 799** | **18 284** | **18 488** |
| Motpost avskrivingar | -11 618 | -11 720 | -11 643 | -11 534 |
| **Netto driftsresultat** | **-4 793** | **3 268** | **-575** | **-945** |
| Overføring til investering | | | | |
| Netto avsetjing til eller bruk av bundne driftsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond | -1 057 | -635 | -198 | -149 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | 5 850 | -2 634 | 773 | 1 094 |
| **Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat** | **4 793** | **-3 269** | **575** | **945** |
| **Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **-0** | **-0** | **-0** |

# Inntekter

## Generelle inntekter

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -111 796 | -110 439 | -109 053 |
| Inntekts- og formuesskatt | -81 638 | -85 594 | -93 214 |
| Eigedomsskatt | -15 108 | -18 580 | -18 580 |
| Andre generelle driftsinntekter | -12 389 | -300 | -6 000 |
| Sum generelle driftsinntekter | -220 932 | -214 913 | -226 847 |
| Sum bevilling drift, netto | 200 811 | 212 742 | 217 288 |
| Brutto driftsresultat | -20 121 | -2 171 | -9 559 |
| Renteinntekter | -1 006 | -1 124 | -1 341 |
| Utbytte | -41 | 0 | 0 |
| Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar | 716 | 408 | 170 |
| Renteutgifter | 4 284 | 4 792 | 6 320 |
| Avdrag på lån | 9 808 | 10 280 | 11 235 |
| Netto finansutgifter | 13 761 | 14 356 | 16 383 |
| Motpost avskrivingar | -11 090 | -11 453 | -11 618 |
| **Netto driftsresultat** | **-17 450** | **732** | **-4 793** |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -109 053 | -106 715 | -106 412 | -106 420 |
| Inntekts- og formuesskatt | -93 214 | -93 214 | -93 214 | -93 214 |
| Eigedomsskatt | -18 580 | -21 034 | -21 788 | -24 582 |
| Andre generelle driftsinntekter | -6 000 | -300 | -3 300 | -300 |
| Sum generelle driftsinntekter | -226 847 | -221 263 | -224 714 | -224 516 |
| Sum bevilling drift, netto | 217 288 | 218 452 | 217 498 | 216 647 |
| Brutto driftsresultat | -9 559 | -2 811 | -7 216 | -7 869 |
| Renteinntekter | -1 341 | -1 409 | -1 339 | -1 339 |
| Utbytte | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar | 170 | 138 | 227 | 89 |
| Renteutgifter | 6 320 | 7 027 | 7 023 | 7 163 |
| Avdrag på lån | 11 235 | 12 043 | 12 373 | 12 575 |
| Netto finansutgifter | 16 383 | 17 799 | 18 284 | 18 488 |
| Motpost avskrivingar | -11 618 | -11 719 | -11 643 | -11 534 |
| **Netto driftsresultat** | **-4 793** | **3 269** | **-575** | **-915** |

**Rammetilskot**
Fitjar får ikkje småkommunetilskot på 2,85 mill. i 2020, då innbyggjartalet var 3201 1. januar. Kommunen får ikkje heile tapet på eitt år, då dette vert fanga opp i inntektsgarantien (INGAR). Tapet vert fordelt med 1,35 mill. i 2020, 1,4 mill. i 2021 og 0,3 mill. i 2022. Det er fleire faktorar som spelar inn slik at reduksjonen i rammetilskotet er større enn småkommunetilskotet.

I prinsippet er Fitjar nede på nytt inntektsgrunnlag i 2022, etter omlegginga av inntektssystemet i 2017.

**Skatt**
Forventa skatteinntekter er henta frå Kommunenes Sentralforbund (KS) sin prognosemodell. Med tanke på forventa meirinntekter i 2019, og prognosen i statsbudsjettet for neste år, ser ein denne inntekta som realistisk. Prognosen svarar til 87,2 % av landsgjennomsnittet, og gjev 7,7 mill. i inntektsutjamning.

Kommunestyret vedtok å auke netto skatteinntekter med kr 400 000,- årleg. Dette svarar til ein auke i skatteinntektene på kr 3 558 000,- i høve til rådmannen sitt framlegg, og ein nedgang i inntektsutjamninga med kr 3 158 000,-. Kommunestyret sitt vedtak svarar til 90,6 % av landsgjennomsnittet i skatteinntekter.

**Eigedomsskatt**
I 2020 gjer ein følgjande grep:

- Promillesatsen for næring vert auka frå 6 til 7, for heile planperioden. Dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.
- Skatteverdien vert redusert med 30 % på anna eigedom som pålagt av regjeringa.
- Ein kontorjusterer skatteverdien opp att med 10 %.
- Botnfrådraget vert redusert frå 250 000,- til 50 000,-. Dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.
- Promillesatsen vert auka frå 2,5 til 3,5. Kommunestyret sitt vedtak var på 3,2 promille.
- Retaksering vert gjennomført.

Taksering av eigedommar i Fitjar vart gjort i 2008. Ved å retaksere får ein taksering til dagens verdiar. Dette er føresett gjort i 2020, med verknad frå 2021.

I 2021 gjer ein difor:

- Promillesatsen for næring vert halden 7 promille. Dette vart reversert i kommunestyret sitt vedtak.
- Botnfrådraget vert auka opp att, og justert for verdiauke, til 350 000,-.
- Promillesatsen på anna eigedom vert redusert til 3.

Eigedomsskatteinntektene vil auke fordi verdigrunnlaget aukar.

I 2023 vert promillesatsen auka til 4, som og er signalisert frå regjeringa som maksimal sats på anna eigedom.

I tillegg er det lagt inn auke i skattegrunnlaget som følgje av ny næringsverksemd med 750 000,- i 2022 og 1,5 mill. i 2023.

**Andre generelle driftsinntekter**
Kommunestyret vedtok å auke forventa inntekt frå havbruksfordet med 5,7 mill. i 2020 og 3,0 mill. i 2022.

**Finans**
Renter:
Rentebana ein legg til grunn, er henta frå Kommunalbanken si oversikt over rentemarknaden. Me nyttar 2,55 % i 2020, 2,6 % i 2021, og 2,5 % dei to siste åra. Denne renta er då sett opp mot flytande rente på lån i Kommunalbanken. Lån hos andre långjevarar er justert i høve til skilnad til denne renta.

Berekning av utgifter og inntekter på rentebytteavtalar, nyttar ein og same rentebane.

Låneavdrag drift
Ny kommunelov gjev ny berekning for minimumsavdrag. Nytt avdrag vert berekna slik:

Avskrivingar * (lånegjeld / eigendelar)

Den nye berekninga gjev kommunen litt høgare avdrag enn den gamle berekninga.

## Disponering

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Overføring til investering | 0 | 0 | |
| Netto avsetjingar til eller bruk av bundne driftsfond | 978 | -902 | -1 057 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond | 16 472 | 169 | 5 850 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | |
| **Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat** | **17 450** | **-733** | **4 793** |
| Ført til inndekking i seinare år | 0 | 0 | -0 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Overføring til investering | | | | |
| Netto avsetjingar til eller bruk av bundne driftsfond | -1 057 | -635 | -198 | -149 |
| Netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond | 5 850 | -2 633 | 773 | 1 064 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | | | | |
| **Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat** | **4 793** | **-3 269** | **575** | **915** |
| Ført til inndekking i seinare år | -0 | 0 | 0 | 0 |

Bruk av bundne driftsfond gjeld midlar til dei einskilde sjølvkost-områda, og ikkje nytta øyremerkte tilskot. For Fitjar gjeld bruken i all hovudsak bruk av fond for vatn og avløp. På desse områda har me fondsmidlar i dag, og desse skal brukast på områda over ein periode.

Avsetjing til og bruk av disposisjonsfond vert resultatet av alle andre disponeringar i budsjettet.

I 2020 har me eit overskot på ~~764 000,-~~ 4 793 000,-. Samstundes har me eit underskot på 1 057 000,- på sjølvkostområda / bruk av øyremerkte tilskot. Til saman set me av ~~1 821 000,-~~ 5 850 000,- på disposisjonsfondet.

Me bruker ~~1,8~~ 2,6 mill. av disposisjonsfondet i 2021, ~~ytterlegare 1,0~~ set av 0,8 mill. i 2022, og har eit overskot som gjer at me kan setja av ~~4,0~~ 1,1 mill. i 2023.

# Einingane sine driftsbudsjett

## Helse, sosial og omsorg

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Helse og sosial | 25 387 | 27 299 | 12 987 |
| Institusjon | 22 124 | 23 233 | 23 892 |
| Heimebaserte tenester | 44 868 | 46 206 | 22 923 |
| Habilitering | | | 25 500 |
| Helsespesialistar | | | 5 435 |
| NAV | | | 7 187 |
| **Sum Helse, sosial og omsorg** | **92 380** | **96 738** | **97 925** |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Helse og sosial | 12 987 | 12 987 | 12 987 | 12 987 |
| Institusjon | 23 892 | 23 552 | 22 263 | 22 263 |
| Heimebaserte tenester | 22 923 | 22 282 | 21 628 | 21 623 |
| Habilitering | 25 500 | 25 519 | 25 519 | 25 519 |
| Helsespesialistar | 5 435 | 5 435 | 5 435 | 5 435 |
| NAV | 7 187 | 7 139 | 7 129 | 7 129 |
| **Sum Helse, sosial og omsorg** | **97 925** | **96 913** | **94 960** | **94 955** |

### Målsetjingar for 2020

**Digitalisering**

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.

- Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim.

**Kompetanse og måloppnåing**

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

**Helse- og omsorg**

- Auka innsats på førebygging, eigenmestring og aktivitet motverkar passivitet og einsemd, og skal slik bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester.
- Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanna omsorgsbustad – institusjon vil gje reduserte kostnadar i helse- og omsorgstenestene.
- Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, og betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge.
  - Redusere gjennomsnittleg stønadslengde for mottakarar 18-24 år, til mindre enn 4 månadar
  - Redusere tal på sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-24 år, til færre enn 5.
  - Redusere tal sosialhjelpsmottakarar med stønad i meir enn 6 månader, til færre enn 25 personar.

## Helse- og sosialavdelingane.

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Helse og sosial | 25 387 | 27 299 | 12 987 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Helse og sosial | 12 987 | 12 987 | 12 987 | 12 987 |

Etaten for helse sosial- og omsorgstenesta har eit stort og viktig ansvar for å yte grunnleggjande velferdstenester til innbyggjarane.
Kommunestyret har vedtatt slikt nytt organisasjonskart for pleie- og omsorgstenestene. Det er iverksett i organisasjonen med full verknad frå 01.01.20.

Nytt organisasjonskart for tenestene i helse- og omsorg:




Budsjett for helse sosial og omsorg ber preg av svært stramme økonomiske rammer. Fordi ein har hatt store kostnadsauke t.d. i barnevern og svikt i inntekter har sektoren måtta tatt ned driftsnivået på andre område. Dette gjeld særskilt på FBB. Ein har også tatt vesentleg ned kostnadane til vikar og ekstrahjelp, noko som aukar risikoen for at budsjetta kan bli overskridne dersom det oppstår vesentlege endringar i tenestebehova i løpet av året.
Dei stramme økonomiske rammene har redusert handlingsrommet og etaten har ikkje rom til nye tiltak som ergoterapeut og psykolog som vert lovpålagte kommunale teneste frå 2020. Dette blir utgreia fram til 2021.

Kommunen vert stadig tilført nye oppgåver, som krev spesialisert kompetanse innafor einskilde felt. Det å har rett fagkompetanse og tilstrekkeleg fagkompetanse er viktig for å lukkast i oppgåvene og på ulike fagområda. Organisasjonsendringa legg til grunn betre samordning av fag- og personell, samt utvikle og samordnar leiarroller- oppgåver- og ansvar tydlegare. I samband med at etaten er i ein omstillingsfase har ein bestilt ein gjennomgang av Fitjar kommune sine helse og omsorgstenester frå Ressurssenter for omstilling i kommunane (RO). Det vil resultere i to rapportar. Del 1. Gjennomgang av status i helse og omsorgstenestene basert på kvantitative data. Del 2. gjennomgang av ressursbruk knytt til ressurskrevjande tenester og tenester til personar med funksjonshemming.

Den økonomiske situasjonen vil utfordre pleie og omsorgstenesta for å kunna på ein effektiv måte gje eit samla godt tilbod til brukarane. Det vil vera heilt avgjerande at ein får snudd presset på institusjonstenestene gjennom m.a. utvikla lågare trinn i omsorgstrappa. Mål og tiltaka handlar om at kommunen vil ha auka innsats på førebygging, eigenmeistring og aktivitet for å motverke passivitet og einsemd gjennom folkehelsesatsing, samarbeid med frivillig sektor og utbygging av dei nedste trinna i omsorgstrappa. Me vil også få ei anna dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa.

Ein har i 2019 rigga ei meir effektiv organisering, der me m.a. har ein felles einingsleiar for heimebaserte tenester og institusjon, og at me organiserer  tenester til habilitering med eigen einingsleiar.

For å nå måla i budsjettperioden må sektoren arbeide  med meir digitalisering av tenestene og omsorgsteknologi.  Dette vil utfordre medarbeidarane til endre arbeidsmetodar.  I 2019 har etaten utarbeida ein strategisk kompetanseplan for utvikling og rekruttering av framtidige fagfolk.

Ein ser ut frå KOSTRA tal at utgifter til kommunale pleie og omsorgstenester pr innbyggjar ligg høgt i høve til andre samanliknbare kommunar. RO rapporten syner også at frå 2016 og til i dag, så har kommunen omprioritert og nyttar mindre utgifter til institusjonstenester enn dei kommunane ein samanliknar seg med i rapporten. Høge utgifter på sektoren skuldast i stor grad ressurskrevjande tenester.

**Teneste  1200  Administrasjon:**

Stillinga som helserådgjevar skal delfinansierast med prosjektfinansiering gjennom eksterne midlar. Beløpet for 2020 er på kr 178.347,-. Dette er i tråd med kommunestyre sitt vedtak om reduksjon av administrative kostnadar på rådhuset. Stillinga bidreg med å styrke det langsiktige arbeidet med folkehelse, samt arbeid til planar, høyringar, saksbehandling i samsvar med dei sentrale føringar med nye krav og oppgåver på helse, sosial og omsorg.

Denne stillinga har ei særs viktig rolle når det gjeld få tak i midlar frå eksterne tilskotsordningar. Ein har i 2019 søkt, og fått ca. 4 mill. i  prosjektmidlar til naudsynte og nyskapande  tiltak i drifta.  Noko som har ført til at ein har kunne styrke pasientnært førebyggande arbeid og planarbeid på fleire fagområde.

Prosjekta er ikkje budsjettert med verken inntekter eller utgifter pga. at dei er uføreseielege.

**2334 Miljøretta helsevern**

Det ligg inne ei 4% stillingsressurs til smittevernlege/- og kommuneoverlege. I resterande 96 % arbeider kommunelegen i eigen legepraksis. Til smittevern/kommuneoverlege er det forventa at legen skal stette arbeidet med samfunns medisin og miljøretta helsevern.  I tillegg kjem det arbeid og oppfølging kring smittevern, beredskap, rutinar og utvikling av Fitjar legesenter, samt samarbeid med helsetenestene. Fitjar kommune har i august 2019 fått avvik frå Fylkesmannen på miljøretta helsevern. Frist for å lukka avviket er 15.12.19.

I særavtalen mellom KS og Den Norske Legeforening punkt 13.3 står det; «*Kommunen skal tilstrebe at stillingen som kommuneoverlege utgjør minst 50 % av full stilling*.» Dette er ikkje realistisk i Fitjar, men stillinga burde aukast med yttlegarel 16 prosent, noko som ville auka kostnadane med om lag kr 173.812,-. Helse- og sosialsektoren ønskjer denne auken, for å kunne arbeide målretta med dei viktige samfunnmedisinske oppgåvene, men på grunn av ressurssituasjonen kan ikkje rådmannen tilrå denne auken.

**Teneste 2347 Støttekontaktar**
Som eit ledd i omstillinga vert denne teneste vidareført på same nivå som 2020.

**Teneste 2411 Legevakt:**
Legevakt og Interkommunal døgnavdeling (IDA) må sjåast i samanheng.

Selskapet er ikkje blitt dyrare å drifta frå 2019-2020 utover løns-/prisvekst. Kostnadsveksten må sjåast i samanheng med at løns- og prisvekst over dei siste åra er dekka av fondsmidlar. Det vart i 2019 varsla om at det ville verta ei auke frå 2020. Denne auken er kr 270.292,-.

**Teneste 2440 Barnevernsteneste:**
Sunnhordland interkommunale barnevern er barnevernstenesta for kommunane Stord, Bømlo og Fitjar, der Stord er vertskommune.

Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og sikra at dei som lever under tilhøve som kan skada helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg. Brukarmedverknad, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling er særlege fokusområde.

Driftsbudsjett for 2019 bygde på same aktivitetsnivå som i 2018, noko ein og har vidareført i 2020. I budsjett for 2019 var det lagt inn midlar til barnevernsvakt på Stord for kommunane Bømlo, Fitjar og Stord med ei kostnadsramma på kr 35,- pr innbyggjar Barnevernsvakta var på plass 1.9.2019 og ordninga er vidareført med fordeling av utgiftene i samsvar med fordelingsnøkkelen for samarbeidskommunane.

I tillegg til driftsbudsjettet dekker samarbeidskommunane utgifter til tiltak for barn høyrande til sin kommune. Tiltaksbudsjett for 2020, for kvar kommune, byggjer på kjende vedtak pr september 2019.
Barnevernstenesta har som målsetting at fleire barn skal få hjelp i eigen familie og at ein i mindre grad skal plassera barn akutt. Dette samstundes som ein berre unntaksvis skal nytta tiltak som medfører flytting av barn over 12 år ut av eigen heim. Føresetnaden for at ein skal nå ei slik målsetjing er at tenesta disponerer varierte og gode tiltak som kan tilpassast behovet til barn og familiar. På same tid skal praksisen fylle kravet i lova om forsvarlege tenester. Sib har utvida og styrka tilbodet om metodisk rettleiing til familiar for og støtte og utvikle føresette sin omsorgskapasitet.

**Teneste 2510 Barnevernstiltak i heimen:**
Jf. Prognose syner ein eit auka innsats i tiltak i heimen og posten er auka med 130 000,-. Dette er eit felt som det kan koma nye uføresette kostnader ved eventuelle behov.

**Teneste 2520 Barnevernstiltak utanfor heimen:**
Dette tiltaket vart oppjustert til 1 955 000 i revidert budsjett. Jf. prognose for 2020 syner det ein vekst på ytterlegare kr 455 000,-. Dette er ei teneste som det kan koma nye store uføresette kostnader på, og behov for ytterlegare auke.

## Pleie og omsorgstenestene

Den utfordrande økonomiske situasjonen ein no står ovanfor vil især utfordre pleie og omsorgstenesta til å sjå korleis ein på effektiv måte kan gje eit samla godt tilbod i pleie og omsorg. Det vil vera heilt avgjerande at ein får snudd presset på institusjons tenestene gjennom å m.a. utvikla lågare trinn i omsorgstrappa. Like viktig er det med forventningsavklaringar i høve til kva kommunen skal bidra med, og kva brukarane sjølve må planlegge for i sin alderdom, til dømes bustad.
Me står ovanfor aukande utfordringar innanfor tenester til både psykiatri, rus og demens, knytt til auka brukarbehov og overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta til kommunane.

"Plan for digitalisering for Fitjar kommune" er utarbeida. Ein er i sluttfasen i -planen for korleis ein skal nytte omsorgsteknologi som ein del av tenestetilbodet i heimebaserte tenester og sjukeheim, og korleis dette skal implementerast i tenestetilbodet. Det er etablera ei arbeidsgruppe i sektoren, og nytta oss av e-helsedirektoratet sine tilrådingar av teknologi som er klar for bruk. Bruk av omsorgsteknologi vil endra arbeidsmetodane i tenestene, og vil ha høg prioritet i 2020.

Ein har gjennom heile 2019 hatt eit stort press på institusjonsplassane. I ombyggingsfasen har ein mesteparten av året hatt tilgjengeleg 22 plassar, der tre av plassane har vore selt til Stord kommune. I budsjettet frå 2020 legg ein opp til at ein skal bruka 23 plassar, og det skal stå ledig fire rom. Det inneber vidare at det vil vera faste plassar slik; 9 plassar på demensavdelinga, 12 plassar på somatisk, 2 plassar på korttidsopphald. I tillegg må ein ha fokus på å utnytte ledig kapasitet, den halve observasjonsenga på IDA ( Interkommunal døgnavdeling) i større grad.

Rapport frå Ro vil vera viktig for å vurdere tenesta framover.

## Institusjonstenester

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Institusjon | 22 124 | 23 233 | 23 892 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Institusjon | 23 892 | 23 552 | 22 263 | 22 263 |

Ein har no fått ei ny moderne sjukeheimsavdeling for demente, avdelinga gjev moglegheit til at pasientane har eit større område å bevege seg på . I tillegg har ein fått på plass ei heilskapleg moderne velferdsteknologisk plattform, og eit lokalt pasientvarslingssystem der tilsette og bebuarar posisjonering. Posisjonering gjev både passiv og aktiv varsling ved ulike hendingar. Det mobile vaktrommet gjev effektiv alarmhåndtering, og vaktromstavla gjev tryggleik dersom nettverk/straum fell ut. Løysinga kan integrerast mot elektronisk pasientjournal -/EPJ-system (Gerica). Sensorar og løysingar for digitalt tilsyn med pasientar kan også koplast til. Målet med ny sjukeheimsfløy er ei samlokalisert og meir oversiktleg avdeling å drifte.

**2530 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon**

Me har ein har lagt ein bemanningsfaktor på eit 0,8, slik som ein gjennomsnitt sjukeheim i landet har, gjeldande frå medio mars. Dette saman med reduksjon av sjukeheimsplassar utgjer ein reduksjon med til saman 5,2 årsverk med verknad frå 2020. Konsekvensen av reduksjonen vil vera sårbarheit i tenesta ved sjukdom, permisjonar eller anna fråvær, då ein no også har lagt seg på eit minste nivå når det gjeld ressursar til ekstrahjelp ved sjukefråvær. Vidare kan det vera utfordrande når det kjem pasientar med omfattande sjukdomsbilete frå sjukehus.

Tiltaket vil innebera at ein må flytte tilsette, og truleg sei opp tilsette.

**Aktive tiltak:**
**Reduksjon i 2,58 stillingar frå 1. januar**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -1 273 433 | -1 273 433 | -1 273 433 | -1 273 433 |

**Reduksjon i 2,64 stillingar frå medio mars**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -1 770 270 | -2 109 819 | -2 109 819 | -2 109 819 |

**Reduksjon i ekstrahjelp**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -363 909 | -363 909 | -363 909 | -363 909 |

**Reduksjon i tariffesta tillegg**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -385 087 | -385 087 | -385 087 | -385 087 |

**Reduksjon i medisinske forbruksvarer**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -200 000 | -200 000 | -200 000 | -200 000 |

Kommunestyret tok inn følgjande tiltak:

**Digitalisering nattevakt**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| | | - 1 288 645 | - 1 288 645 |

## Heimebaserte tenester

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Heimebaserte tenester | 44 868 | 46 206 | 22 923 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Heimebaserte tenester | 22 923 | 22 282 | 21 628 | 21 623 |

Det overordna målet for tenesta er at ein legg til rette for at innbyggjarane skal få bu heime så lenge det er fagleg forsvarleg.

Heimetenesta er den tenesta som har dei største variasjonane både i alderssamansetting og behov. I 2019 ytte heimebaserte tenester ulike hjelpetiltak til omlag 85 brukarar, som er fordelt på heimehjelp/praktisk bistand, mat kjøpt frå kjøkenet v/FBB og tryggleiksalarmar. I periodar yter ein tenester til pasientar med alvorleg sjukdom, som treng høg sjukepleiefagleg kompetanse.

**<u>2341 Dagsenter for demente</u>**

Dette er ei lovpålagt teneste frå 2020. I omorganiseringa har ein overført dagtilbodet for demente til tenesta for heimesjukepleie. Ein har ei auke i demente heimebuande brukarar i kommunen. For å avlaste pårørande og for å utsetja behov for institusjonsplassar, er det viktig å få på plass i tilbodet tidleg i sjukdomsfasen. Som ein del av målsettinga om å styrke lågare trinn i omsorgstrappa auka ein frå hausten 2019 dagtilbodet frå tre til fem plassar. Det øyremerka statstilskotet pr. plass fell vekk og vert lagt inn i rammeoverføringane frå 2020. Ein vil vurdere organisering og kapasitetsutnytting i tilbodet i løpet av 2020, med tanke på fleire brukarar.

**<u>Teneste 2540 pleie og omsorg hjelp i heimen</u>**

Ein har i økonomiperioden lagt inn ein reduksjon med 1 stilling frå 2021 og ytterlegare ei stilling i 2022. Dette er knytt til vurderingar av direkte brukartid i tenesta. Denne er i dag om lag 50 % og må aukast, og slik vil ein få meir kapasitet ut frå kvart årsverk.
Bemanningsreduksjonen vil vera sårbar for tenesta ved sjukdom, permisjonar eller anna fråvær. Det vil vera naudsynt at ein gjennomfører ein ROS-analyse før iverksetting av tiltak.
**Aktiv tiltak: Digitalisering mobil pleie/direkte brukartid**

**<u>Teneste 2540 pleie og omsorg hjelp i heimen</u>**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| | -641 813 | -1 283 625 | -1 283 625 |

## Habiliteringstenesta

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Habilitering | | | 25 500 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Habilitering | 25 500 | 25 519 | 25 519 | 25 519 |

Dette er ei ny eining som vert skild ut frå heimebaserte tenester i tråd med vedtak om omstilling og nytt organisasjonskart.

Tenesta omfattar ressurskrevjande brukarar og habiliteringstenesta for psykisk utviklingshemma, Bakken dagsenter og VTA arbeidsplassar på Podlen Verkstad AS.

Tenester til ressurskrevjande brukarar er den største økonomiske utfordringa Fitjar kommune har. Kommunen har også i 2020 brukarar som kjem inn under refusjonsordninga med særskilt ressurskrevjande tenester, ut frå erfaringar og som prognosen viser, utgjer dette eit brutto kostnad på ca 43,2 mill. Etter anslått refusjon kostar desse brukarane kommunen netto omlag 24,3 mill, her er eigenandel og rammetilskot trekt frå, fordelt på habiliteringstenesta og noko på FBB. I dette reknestykke er ikkje brukarar som fell utanom statleg refusjonsordning tatt med, det gjeld personar over 67 år.

Ein har i 2019 eit uttalt mål om at det ikkje skal vera vekst i tenesta, og at endra behov må dekkast med omfordeling eller sambruk av bemanningsressursar. Dette krev sjølvsagt individuelle vurderingar og vedtaksstyring.

Våren 2019 fekk tenesta fleire brukarar som ein såg hadde trong for meir tenester enn kva kommunen hadde forutsett, ein har i løpet av hausten 2019 arbeida med omfordeling av tilgjengelege ressursar. Det ein her må ta høgde for at dette er ei brukargruppe som er avhengig av kontinuitet, stabilitet og føreseielege rammer. Å drive "Målretta miljøarbeid", med endringsfokusert tilnærming i høve åtferd, krev stabile rammer.

## Helsespesialistene

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Helsespesialistar | | | 5 435 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Helsespesialistar | 5 435 | 5 435 | 5 435 | 5 435 |

**Teneste 2416 Legeteneste:**
Legetenesta vert vidareført med same nivå som 2019, ein har som nemnt under miljøretta helsevern behov for å auke kommuneoverlege opp til 20 %. Dette er det ikkje funne rom for.

**Teneste 2417 Fysioterapeut**
Tenesta vert vidareført med ei kommunal fastløna stilling, og 2,2 kommunale driftstilskot til tre fysioterapeutar.

**Psykiatritenesta 2545**
Ein ser at det er ei vesentleg vekt i nye brukarar og behov på individnivå. Det vart frå 2019 nytt krav til kommunane om at ein er betalingsplikt for overliggjardøgn i spesialisthelsetenesta innan rus/ psykiatri, noko som utfordrar lokal behandlingskapasitet- og kompetanse. Spesialisthelsetenesta utgreier og gjev diagnose, medan kommunane i langt større grad enn før skal følgje opp og gje tilbod om behandling/oppfølging Det er ikkje funne rom for ønska styrking av denne tenesta.

## Nav

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| NAV | | | 7 187 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| NAV | 7 187 | 7 139 | 7 129 | 7 129 |

**Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing.**
Denne posten må sjåast i samanheng med 2760/kvalifiseringsprogrammet og 2810 økonomisk sosialhjelp. Det vil vera naudsynt at det vert jobba med tettare oppfølging av kvar einskild brukar. Målet er å hindre at nokon lever under fattigdomsgrensa ved å styrke brukarar si tilknyting til arbeid eller utdanning slik at dei kan forsørge seg sjølv.
Ein har lagt til rette tiltak med eit større fokus på individretta tiltak og ressursinnsats, der ein legg til rette for meir individuell oppfølging både mot økonomisk rettleiing og aktivitetsplikt. Eit tiltak som ein set i verk er redusert opningstid på NAV, og slik får meir tid til planlagde brukarmøte.
NAV har siste åra hatt ei ungdomssatsing (jobbstrategien), og prosjektstillingane går inn som ein del av den målretta satsinga på unge. Ein ser at det er utfordrande å finna gode arbeidstilbod, her må kommunen bidra meir med arbeidsutprøving, slik at ein kan få fleire unge i aktivitet.

Hausten 2018 sette ein i verk tiltaket «Laget» for å få unge under 30 år i aktivitet. Etter kort tid erfarte ein at tiltaket var særs positivt. Det å ha ein aktivitet å gå til, gjev meining med å stå opp og såleis få ein normal døgnrytme. Aktivitetane ein har gjennomført gjev meistring, dei som deltek i teamet støttar og rettleiar kvarandre, som igjen skapar positive sosiale relasjonar. Det å ha viktige arbeidsoppgåver for deltakarane som dei både meistra, samtidig som dei får utføra samfunnsnyttige oppgåver. Samla sett ser ein tiltaket som førebyggande i både i forhold til barnefattigdom, psykisk sjukdom og rus. Dette igjen kan redusere faren for utanforskap. Tiltaket har synt å vera effektivt, ein har fått åtte personar i arbeid, fem personar inn i andre ytingar og to personar har arbeidstrening og tiltakspengar. Dette tiltaket har ført til at me har klart å stabilisere budsjettet til sosialhjelp. Dette er eit sentralt satsingsområde i kommunen sitt omstillingsarbeid, som over tid også vil redusere behovet for økonomisk sosialhjelp.
Tiltaket med "Laget" vert i dag finansiert med tilskotsmidlar for samansette tenester, noko som medfører at tiltaket er avhengig av vidare prosjektfinansiering. Det er behov for å stabilisere tilboda med faste stillingar.

Ein fekk i 2019 vidareført tilskotet, NAV i vidaregåande skule. Målet med stillinga er å få unge til å fullføra skuleløpet, bidra til at fleire får eit tilpassa og koordinert tilbod for å fullføre utdanninga, eventuelt avklara mot NAV tiltak på eit tidleg tidspunkt.

Frå mai 2019 fekk NAV kontoret eit nytt digitalt verktøy «DigiSos», ein kan her ta imot søknadar om sosialhjelp elektronisk. I løysinga ligg det eit digitalt arkiv og SvarUt/SvarInn. Brukarar kan søkje om sosialhjelp uavhengig av NAV si opningstid. Dette gjev ei meir effektiv sakshandsaming, færre manglar på søknadar og reduserte utgifter til kopiering, utskrift og porto. Det syner at det allereie frå juli til september har ca. 45% av brukarane nytta seg av den digitale løysinga. Det har vore ei kartlegging av mindre bruk av tid på ca. 10 min. pr. søknad. Dette kan på sikt frigjere tid til rettleiing og betre oppfølging, då ein i dag har ei særs stor saksmengd pr. sakshandsamar samanlikna med andre kommunar.

**Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp.**
Sosialhjelp skal vera ei subsidiær yting. Dette inneber at den einskilde må nytte alle andre mogelegheiter før ein har rett på stønad. Stønaden skal vera mellombels, og bør ta sikte på å gjera vedkomande sjølvhjelpen snarast mogleg.

Det har dei siste åra vore eit vesentleg auka forbruk av økonomisk sosialhjelp og det ligg an til eit overforbruk i 2019 på om lag 0,9 mill. I budsjett for 2020 har ein lagt inn økonomisk sosialhjelp noko under opphavleg budsjett 2019. Det er fare for at dette kan verta overskride når me ser på forbruk 2019. Tabellen under syner at ein i 2019 har klart å stabilisere veksten i utbetaling av sosialhjelp sett i forhold til 2018.




Tabellen viser ei kraftig auke fram til årsskiftet 2017/2018, og stabil utvikling sidan.

I 2018 fatta NAV kontoret 1009 vedtak om økonomisk sosialhjelp. Dette var ei auke frå 915 i 2017. Det var i 2018 registrert 116 brukarar som fekk sosialhjelp, noko som var ei auke på 11 personar frå førre år. Frå 01.10.19 har ein registrert 89 aktive brukarar og ein har mottatt 687 søknadar, her av er det 16 brukarar som går på rein sosialhjelp. Dette er endå eit for høgt tal, men det syner at vedtaksmengda er gått ned så langt i 2019, og at tiltak i omstillingsområdet har verknad for enkeltindividet.

Ein ser og ei auking i tal flyktningar som no går over frå introduksjonsprogrammet og skal over til arbeid og/eller utdanning. Det er og strengare krav til å få AAP (arbeidsavklaringspengar), for 2020 vil dei under 25 år få 1/3 mindre utbetalt av denne ordninga. Disse nye retningsliner frå nasjonalt hald påverkar utbetalingane til sosialhjelp for kommunen.

**Teneste 2430 Tilbod til personar med rusproblem:**
Gjennom opptrappingsplanen for rusfeltet, har ein søkt om stillingar over fleire år og fått midlar. Stillingane går inn i den tverrfaglege oppfølginga av tilbod til personar med rusproblem, samt at dei og jobbar med førebygging opp mot unge i NAV. Innbyggjarar med alvorlege rusproblem er ei krevjande gruppe som genererer mykje arbeid hos NAV.

Mangel på permanente bustader for dei som manglar buevne, som er i aktiv rusing, fører til eit kontinuerleg press på NAV kontoret. Ein ser at det har vore særs positivt at kommunen starta med LAR-utdeling til fast tid på dagen ved Fitjarsjøen 38.

Fitjar kommune kjøpte i 2019 to tiltak i HAP-prosjektet (hasj avvenningsprogram) frå Stord kommune. Dette er eit tiltak som ein kjem inn på eit tidleg tidspunkt og har ei oppfølging over to år, som kan visast til gode resultat. Det er lagt inn same kostnad for 2020.

**Teneste 2422 Flyktningteneste:**
Tenesta vert vidareført med 0,6 stilling lagt til NAV kontoret. Tenesta vart redusert med 0,4 stilling frå august.

**Teneste 2750 Introduksjonsordninga:**
Denne tenesta er for utbetalingar av introduksjonsstønad til dei som går på introduksjons-programmet. I løpet av 2020 vil programmet ikkje ha deltakarar lengre.

**Teneste 2760 Kvalifiseringsprogrammet:**
Denne posten må sjåast i samanheng med 2810 økonomisk sosialhjelp og 2420 sosial rådgjeving. Krav til aktivitet er heilt sentralt, frå januar 2017 vart det lovfesta at kommunen skal stille krav til at sosialhjelpsmottakarar under 30 år skal delta i aktivitet (aktivitetsplikt), med mindre tungtvegande grunnar talar mot dette. Det er for 2020 lagt inn to tiltak på denne ordninga.

## Oppvekst - og kultur

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Skule og oppvekstadministrasjon | 21 914 | 24 848 | 29 085 |
| Rimbareid skule | 35 582 | 35 645 | 33 769 |
| Øvrebygda skule | 6 751 | 6 743 | 5 377 |
| Selevik skule | 4 200 | 4 296 | 4 416 |
| Fitjarstølane barnehage | 4 953 | 5 333 | 5 419 |
| Kultur | 2 121 | 2 476 | 2 717 |
| **Sum Oppvekst og kultur** | **75 520** | **79 340** | **80 783** |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Skule og oppvekstadministrasjon | 29 085 | 29 065 | 29 058 | 29 027 |
| Rimbareid skule | 33 769 | 34 544 | 34 094 | 33 276 |
| Øvrebygda skule | 5 377 | 5 772 | 6 255 | 6 255 |
| Selevik skule | 4 416 | 4 446 | 4 446 | 4 446 |
| Fitjarstølane barnehage | 5 419 | 5 419 | 5 419 | 5 419 |
| Kultur | 2 717 | 2 751 | 2 834 | 2 834 |
| **Sum Oppvekst og kultur** | **80 783** | **81 996** | **82 105** | **81 256** |

### Målsetjingar for 2020

**Digitalisering**

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.
- Digitalisering i skulen vil gje tilsette fleire verktøy for tilpassa undervisning, og saman med tidleg innsats er målet å redusera behovet for spesialundervisning frå om lag 8 % til 7 % i økonomiplanperioden.

**Kompetanse og måloppnåing**

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

**Skule og oppvekst**

- Realisere innhaldet i skulebruksplanen jf. føringane som ligg i økonomiplanen 2020-23.
- Auka læringsutbytte. Under 10 % av elevane på det lågaste nivået, over 15 % av elevane på det høgste nivået målt på nasjonale prøvar på 5. trinn.
- Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbyte.
- Samordna innhaldet i SFO – tilboda i ved skulane gjennom ein felles plan.
- Laga ny barnehageplan 2020 – 2030. Framskriving av barnetal, barnehagestruktur m.m. jf. politisk sak 39/19 i utval for oppvekst og omsorg.

**Førebyggjande helse**

- Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov.
- Styrkje og utvikle tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule, både på system- og individnivå.

**Kultur**

- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla- og etablera nye aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.

## Oppvekst

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Skule og oppvekstadministrasjon | 21 914 | 24 848 | 29 085 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Skule og oppvekstadministrasjon | 29 085 | 29 065 | 29 058 | 29 027 |

Ny organisasjonskart er gjennomført frå 01.08.19, der kulturkontoret og helsestasjon er inkludert i etaten for oppvekst- og kultur.

Budsjettet for etaten oppvekst- og kultur ber preg av svært stramme økonomiske rammer, strammare enn me har opplevd tidlegare. Eit stramt budsjett fører til kutt i driftspostar. I hovudsak i "laget rundt læraren". I tillegg ligg det inne framlegg om to strukturelle endringar. Dette skuldast i hovudsak endringar i dei økonomiske rammefaktorane for kommunen, og kortsiktig finansiering av varige driftstiltak i økonomiplanen. Kommunen er under omstilling.

Budsjettet for skule, barnehage og førebyggjande helse er blitt redusert med om lag 1,4 mill. Dette viser att i form av tiltak (nedtrekk) på ulike områder. Stillinga som skulefagleg rådgjevar skal delfinansierast gjennom ei prosjektfinansiering gjennom eksterne midlar. Beløpet er på kr 174 500,-. Dette er i tråd med kommunestyret sitt vedtak om reduksjon av administrasjonen i rådhuset.

Målsetjingane for planperioden ber preg av målretta endringar som vil endra strukturar og føra til meir effektive måtar å utøva tenestene på. Noko som på sikt vil kunna gje økonomisk mindreforbruk og vonleg auka kvalitet i tenesteutøvinga.

Frå 01.08.19 vart førebyggjande helse ein del av skule, oppvekst og kultur. Denne strukturendringa vil styrka det tverrfaglege samarbeidet mellom helsestasjonen, barnehagane og skulane

Alle einingar er i eit endringsmodus der ein heile tida søkjer etter dei beste løysingane for:

- Bruk av digitale løysingar. Få fram ein synleg vinst i form av reduserte kostnadar.
- Styrkja og utvikla betre tverrfagleg samarbeid mellom førebyggjande helse, barnehagar og skular.
- Å tilføra ny kompetanse gjennom vidareutdanning og etterutdanning.
- Tidleg innsats og intensiv opplæring for innlæring av grunnleggjande ferdigheiter.
- Innlæring av sosial kompetanse som hindrar mobbing og andre krenkelsar

Dette vil i neste omgang føra til auka trivsel, betre motivasjon, betre læringsutbyte og meir medverknad.

Fokuset på kompetanseheving for tilsette i skule, kulturskule og barnehage held fram. Gjennom nye tilskotsordningar vert det oppretta tettare band mellom regionen og statlege overføringar. Kommunane i FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland) har inngått eit samarbeid med NLA (norsk lærarakademi) for å sikra kvalitet og oppfølging.

Kompetanse for kvalitet vert vidareført lokalt for grunnskulen og kulturskulen i om lag same omfang som tidlegare. For barnehagane er det ei eiga stipendordning der barnehagepedagogar og styrarar kan søkja om vidareutdanning.

Førebyggjande helse har gjennom ulike tilskotsordningar fått midlar til å styrka og utvikla helestasjon og skulehelsetenesta.

Det er ei målsetjing at læringsutbyte for elevane innanfor fleire av fagfelta i skulesektoren skal bli høgare. Denne perioden er hovudfokus retta inn mot tidleg innsats - intensiv opplæring.

Fokus på tidleg innsats for 1. – 4. trinn i skulen held fram. Det ligg inne ekstra lærartimar som skal styrke dette arbeidet slik som før. 19 timar ved Rimbareid skule. 9 timar ved Øvrebygda skule og 6 timar ved Selevik skule. Ny lov tredde i kraft frå 01.08.18 der skulen har ei plikt til å gje intensiv opplæring for elevar på 1. – 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning.

Gjennom 2 opptak har ein starta opp piloteringar av chromebook i fleire elevgruppe ved kvar av skulane. Målet er å få erfaring med pedagogisk IKT arbeid og førebu ei digitalisering i heile skulen. Frå 01.08.2020 vil alle elvane på 1. - 7. trinnet bruka Chromebook som eit verktøy i læringsprosessen.  Ei slik digitalisering vil endra lærarrolla og gi fleire moglegheiter for tilpassa opplæring. Parallelt vert det gjennomført ein overgang til office 365 for alle tilsette i grunnskulen slik at me kan fasa ut kostnadane med It`s learning frå 2021. Digitaliseringa har eit behov for ein IKT rettleiar i 20 % stilling frå hausten 2020. Desse kostnadane ligg ikkje inne i budsjettet.

Med ei betre tilpassa opplæring og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning frå dagens 8 % til 7 % i planperioden.

Fitjar kommune er ein BTI (Betre tverrfagleg innsats) kommune. Dvs. at alle barn og unge som har utfordringar i livsløpet sitt vil få tilbod om tidleg hjelp av dei ulike hjelpeinstansane i kommunen. Alle tilsette skal arbeida etter prinsippa som ligg inne i handlingsrettleiaren.  I planperioden vil oppvekstsektoren, Nav og helse gå saman om eit større eksternt finansiert prosjekt med målet «Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, og betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge.»
Førebyggjande helse vert ein aktiv bidragsytar i dette arbeidet gjennom tett kontakt med einskildpersonar og familiar.

Hausten 2020 tek grunnskulane i bruk ny overordna del og nye fagplanar for 1. - 9. trinnet. Førebuingsarbeidet er i full gang og vert intensivert våren 2020. Det er ikkje sett av midlar til nye læremiddel.

Det ligg ute ressursar til skulane som samla sett dekker kravet til lærarnorma. I 2020 er det høve til å omfordela eventuelle ressursar frå dei andre trinna/dei andre skulane dersom det er behov for det.

Frå 01.08.2020 vert det innført  inntektsgradert foreldrebetaling for barn på 1.-2. trinn som går på SFO. Foreldrebetaling for eit heilheitstilbod skal maksimalt utgjera 6 % av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet. Regjeringa løyver også midlar til gratis SFO for elevar på 5. - 7. trinn med særskilde behov frå hausten 2020. Desse føringane ligg alt inne i nye vedtekter for SFO som vart vedteken i kommunestyret 19.06.2019.

Frå 01.03.2020 vert SFO på Øvrebygda skule foreslått lagt ned pga. av lågt brukartal. Dette vart reversert av kommunestyret.

I økonomiplanperioden vert Øvrebygda skule føreslått nedlagt frå 01.08.2022. Dette vart reversert av kommunestyret. Særs krevjande økonomiske rammer for Fitjar kommune, fare for kvalitetsreduksjon i skulane ved jamn driftsreduksjon over år, og bortfall av midlertidig

fondsfinansiering av grendaskulane Jf. kommunestyret sitt budsjettvedtak i 2019, er årsaka til dette.

Det samla budsjettet byggjer på om lag dei same postane og utgiftsbeløpa som tidlegare år med ein del unntak. Sjå tiltaksliste under dei ulike einingane.

Dei største konsekvensane for 2020 i budsjettframlegget er:
1. SFO ordninga ved Øvrebygda skule vert lagt ned frå 01.03.2020. Dette vart reversert av kommunestyret.
2. Nedtrekk av lærarstillingar og assistentstillingar
3. Eit årsverk i kultursektoren vert avvikla
4. Nedtrekk av læremiddel ved skulane
5. Nedtrekk av vikarressurs ved skulane
6. Generelt nedtrekk førebyggjande helse og kultur

Det samla elevtalet i skulane er no 450. (376 Rimbareid, 50 Øvrebygda og 24 Selevik) Dette er 13 færre enn sist skuleår.

**Barnehage:**
Barn fødde t.o.m. november har rett til barnehageplass hausten året etterpå.
Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga held fram. Hushaldninga skal ikkje betala meir enn 6 % av inntekta til barnehageplass.
Både 2, 3, 4 og 5 åringane har rett til gratis kjernetid i barnehagen dersom foreldra samla har ei inntekt som ligg under ei nasjonal grense. Desse ordningane vert vidareført i 2020. Kostnadane for denne ordninga har auka frå om lag kr 420.000,- i 2019 til om lag kr 500.000,- i 2020.

Kostnadane til dei private barnehagane aukar frå 17,7 mill. i 2019 til 19,2 mill. i 2020. Auken skuldast i hovudsak fleire barn i dei private barnehagane. (Talet på barn i barnehagar i Stord kommune er redusert frå 7 til 2).

Ut frå fødselstala som no ligg føre vil det vera om lag same/litt lågare etterspurnad etter barnehageplassar dei komande åra. Dette skuldast eit serdeles lågt fødselstal for 2018.
Framskriving av barnetalprognose vil koma med i den nye barnehageplanen for 2020 – 2030.
I åra som kjem vil det samla elevtalet ved skulane gå noko ned.
Både ny pedagognorm og ny grunnbemanningsnorm er innført i Fitjarstølane barnehage.

~~I 2020 vil dei private barnehagane få eit ekstra tilskot på kr 2.276,- pr. store barn og kr 1.264,- pr. små barn grunna bemanningsnorma. Dette vil utgjera 7/12 av desse summane for våren 2020. For hausten 2020 vil dette liggja i utrekningsgrunnlaget frå den kommunale barnehagen. Staten har heller ikkje i dette statsbudsjettet fullfinansiert innføringa av bemanningsnorma i barnehagesektoren.~~ Kommunestyret reduserte bevillinga til dei private barnehagane med kr 300 000,- årleg som følgje av at dette ekstatilskotet fall bort.

Utgifter til barn som går i private barnehagar i Stord kommune vil bli på 437.000,- ut frå dei opplysningane ein har no. (Gjeld 2 barn) Utgiftene i 2019 var på 811 000,- (7 barn).

Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:
199 685,- for små born med full plass
94 701,- for store born med full plass
~~Satsar for ekstra bemanning føl nasjonale satsar~~
Satsar for kapitaltilskot føl nasjonale satsar

Dei nasjonale satsane for foreldrebetalinga i barnehagane for 2020 vert auka frå 3.040,- til

3.135,- frå 01.01.20.

**Grunnskule:**
Forventa refusjonar frå andre kommunar (1,95 mill.) er innarbeida i KB. Dette er ein auke på om lag kr 370 000,- samanlikna med budsjettet for 2019.

**Admin. grunnskule:**
Drift som tidlegare år.

**PPT grunnskule og barnehage:**
Her har ein i KB lagt inn prisauken som samsvarar med den nye avtalen om felles PPT teneste med Tysnes og Stord.

**Logopedteneste:**
I konsekvensjustert budsjett (KB) er det lagt inn ein reduksjon i logopedutgiftene på 25 000,- slik at dei samla kostnadane no er 75 000,-. Kommunen har for tida vanskar med å skaffa logopedhjelp.

**Skuleskyss og transport:**
Skyss innførte nye takstsoner med verknad frå 01.08.18. Det er no ei takstsone for heile øya. Tidlegare måtte enkelte elevar reisa mellom tre og fire takstsonar. Kostnadane til skuleskyss og transport vert om lag dei same i 2020. Kommunestyret vedtok innsparing som følgje av å halda 7. klassane på grendaskulane med:

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| - 39 100 | - 81 800 | - 89 100 | - 119 700 |

**Vaksenopplæring**
Denne tenesta vart lagt ned frå 01.09.2019. Fitjar kommune kjøper no desse tenestene av Stord kommune. Tenestene kostar om lag kr 780.000,- i 2020. Dei vert finansiert gjennom grunntilskot og per capita tilskot frå staten.

**Kulturskulen:**
Det er høg aktivitet i kulturskulen. Det har vore gode samarbeidsprosjekt med barnehagane og grunnskulen. Kulturskulen gir eit breitt og godt tilbod. Kulturskulen er inne i eit utviklingsarbeid i regi av Norsk kulturskuleråd. Nedtrekket av driftsmidlane utgjer 1/3 av det samla beløpet ein har til disposisjon. Det er lagt inn ei prisauke i brukarbetalinga på 5 %. Kostnad kvart halvår vil auka frå kr 1.509,- til kr 1.585,-. Det er 30 % søskenmoderasjon for elevplass nr 2 og 3.

**Aktive tiltak**
Nedtrekk driftsmidlar

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -20 000 | | | |

**Helsestasjon og førebyggjande skulehelseteneste:**

Tenesta har eit stort fokus retta inn mot førebyggande arbeid gjennom helseundersøkingar, vaksinasjon, støtte, rettleiing til gravide, barn, unge og familiar. Ein har dei siste åra styrka helsestasjonen, med auka tilgjenge til helsesjukepleiarteneste. Dette saman med andre helsefremjande tiltak frå skulen si side, verkar førebyggjande mot ulike helseutfordringar hos barn og unge. Leiande helsesjukepleiar er med i utviklingsarbeid og er aktivt med i implementeringa av betre tverrfagleg innsats (BTI). Utviklingsarbeid krev at ein jobbar med både rutinar og planar på tvers av sektorar og fag, i 2018 fekk helsestasjonen prosjektmidlar, som er med å styrka planarbeid og tilgjengelegheit. Her har ein fått meir pengar i 2019. Slik at ein kan vidareføra styrkinga i 2020.

I tillegg har helsestasjonen fått midlar etter søknad på kr 120.000,- til prosjekt seksuell helse. Målsetjinga for tenesta er at helsestasjonen skal fremje god fysisk og psykisk helse hjå gravide, barn, ungdom og familiar.

**Aktive tiltak**

Generelt nedtrekk

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -70 000 | | | |

## Rimbareid barne- og ungdomsskule

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Rimbareid skule | 35 582 | 35 645 | 33 769 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Rimbareid skule | 33 769 | 34 544 | 34 094 | 33 276 |

**Grunnskule:**

Elevtalet ved skulen har minka frå 378 til 376. Hausten 2020 vert det 32 nye elevar i 1. klasse. ~~Talet på klassar vil bli auka med ein, til 19 grunna overføring av 7. trinnet ved Selevik og Øvrebygda skule.~~ Det er lagt inn i drifta 100 000,- til drift av MOT – programmet (Lærarressurs). Skulen har 19 timar til disposisjon som ressurs for intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn. Two teachers vart avslutta sommaren 2018. Skulen skal framleis rapportera og gjennomføra kartleggingsprøvar fram til sommaren 2020.

**Aktive Tiltak**

Nedtrekk 100 % stilling som assistent frå 01.03.20

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -474 000 | -568 000 | -568 000 | -568000 |

Nedtrekk 40 % merkantilressurs frå 01.04.20 (20 % Rimbareid og 20 % Øvrebygda)

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -168 000 | -224 000 | -224 000 | -224 000 |

Nedtrekk 9 delingstimar. Vert fordelt mellom skulane. Selevik 1 , Øvrebygda 2 og Rimbareid 6.

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -102 000 | -248 000 | -248 000 | -248 000 |

Nedtrekk driftsmidlar

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -160 000 | | | |

Nedtrekk sjukevikar

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -60 000 | | | |

Nedtrekk 1 stilling spesialundervisning frå 01.08.2021

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| | -298 000 | - 716 000 | -716 000 |

Digitaliseringsgevinst skule

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| | | | -716 000 |

**Morsmålsopplæring:**

Drift som tidlegare år.

**SFO og leksehjelp:**
Auke i brukarbetalinga på 5 % for SFO. Kostnad heil plass vil auka frå kr 2.916 til kr 3.065,- pr månad.

**SFO-funksjonshemma:**
Slik situasjonen ser ut no vil det ikkje vera behov for ei tenester på dette området i 2020.

## Øvrebygda skule

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Øvrebygda skule | 6 751 | 6 743 | 5 377 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Øvrebygda skule | 5 377 | 5 772 | 6 255 | 6 255 |

**Grunnskule:**
Elevtalet har gått ned frå 58 til 50 elevar. ~~Også hausten 2020 vert 7. klasse flytta frå Øvrebygda til Rimbareid skule.~~ Det er viktig med forutsigbarheit. Hausten 2021 vil det t.d. berre vera 4 elevar som er på 7. trinnet. Skulen har 9 timar til disposisjon som ressurs for intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn. Skulen vert føreslått nedlagt frå hausten 2022 i økonomiplanperioden. Det ville då vore 40 elevar ved skulen.

Nedlegging av Øvrebygda skule er utgreia og har vore på offentleg høyring i sak om "Skulebruksplan for Fitjar kommune 2019-2023", hausten 2018.

**Aktive tiltak**
Nedlegging av Øvrebygda skule frå 01.08.2022. Dette vart reversert av kommunestyret.

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| | | -1 250 000 | - 3 000 000 |

Nedtrekk driftsmidlar

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -25 000 | | | |

Nedtrekk sjukevikar

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -25 000 | | | |

**SFO og leksehjelp:**
SFO ordninga ved Øvrebygda skule vert lite brukt. Det er i deg berre 7 barn som nyttar seg av ordninga. Ordninga vert foreslått lagt ned frå 01.03.20

**Aktive tiltak**
Nedlegging av SFO ordninga ved Øvrebygda skule med verknad frå 01.03.2020. Dette vart reversert av kommunestyret.

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -196 000 | -236 000 | -236 000 | -236 000 |

## Selevik skule

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Selevik skule | 4 200 | 4 296 | 4 416 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Selevik skule | 4 416 | 4 446 | 4 446 | 4 446 |

**Grunnskule:**

Elevtalet har gått ned frå 27 til 24. Klassetalet er uendra. Også hausten 2020 vert 7. klasse flytta frå Selevik skule til Rimbareid skule.
Skulen har 6 timar til disposisjon som ressurs for intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn.

**Aktive tiltak**

Nedtrekk driftsmidlar

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -15 000 | | | |

Nedtrekk sjukevikar

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -15 000 | | | |

**SFO og leksehjelp:**

Dåfjorden barnehage sa opp avtalen om drift av SFO ordninga ved Selevik skule sommaren 2019. Fitjar kommune rigga på kort varsel eit tilbod i kommunal regi gjeldande frå hausten 2019. Denne ordninga held fram i 2020.

Auke i brukarbetalinga på 5 % for SFO. Kostnad heil plass vil auka frå kr 2.916 til kr 3.065,- pr månad.

## Fitjarstølane barnehage

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Fitjarstølane barnehage | 4 953 | 5 333 | 5 419 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Fitjarstølane barnehage | 5 419 | 5 419 | 5 419 | 5 419 |

### 2010 Ordinær barnehage:

Ny grunnbemanning og pedagognorm vart gjort gjeldande frå 01.08.18. Norma er vidareført i 2020. Gjennom HMS runde i barnehagen er det avdekka ein del manglar ved bygningsmassen. I løpet av 2020 vil ein konsulent vurdera kva som bør gjerast med bygget. Ein må vurdera rehabilitering eller nybygg.

### 2110 Tenesta for barn med nedsett funksjonsevne

Denne tenesta gjeld spesialpedagogisk hjelp for førskuleborn i eigen kommune og hjelp til barn som bur i annan kommune, midlar til ekstra assistentar for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagar m.m. Her er det lagt inn utgifter på 608 500,- grunna tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Denne utgiftsposten kan bli høgare. Kjem an på effekt av tiltak.

Her er lagt inn ei inntekt på 258 500,- som skuldast refusjon av spesialpedagogisk hjelp frå ein annan kommune.

## Kultur

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Kultur | 2 121 | 2 476 | 2 717 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Kultur | 2 717 | 2 751 | 2 834 | 2 834 |

## Målsetjingar for 2020

**Kultur**

- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla, og etablera nye, aktivitetar for både ungdom og eldre som gjer meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.

Frå 01.04 foreslår me eit årsverk i kultursektoren blir avvikla, kommunestyret reduserte nedtrekket til 0,2 årsverk, då dette er eit fagområde som har få lovpålagte oppgåver. Samarbeidet med frivilligsentralen, drift/vidare utvikling av biblioteket, ansvaret for ungdomsrådet og drifta av Årskog museum vil bli vidareført. Ein del oppgåver som er tillagt denne stillinga vil bli overført til andre delar av organisasjonen (Oppvekst, landbruk og teknisk). Me vil vurdera kva for oppgåver som vil bli avvikla.

Me veit at kultursatsingar til kommunane er viktige for å byggja lokalsamfunnet sin attraktivitet, og slik er det uheldig at dei økonomiske rammene til Fitjar kommune er så krevjande at denne stillinga vert foreslått avvikla. I økonomiplanen føl me omstillingsmåla og i hovudsak opprettheld tilskot til ein del sentrale frivillige organisasjonar (Fitjar Frivilligsentral og Fitjar idrettslag). Desse er på oppvekst- og kultur og teknisk sine budsjettområde.

**Fitjar Frivillegsentral:**

Me opprettheld det vedtekne innsparingskravet på 200 000, redusert til 130 000 i kommunestyret, til Fitjar Frivilligsentral, men har i forhandlingane med frivillegsentralen foreslått å styrka samarbeidet og sikra ytterlegare 100 000 i prosjektinntekter til frivilligsentralen. Frivilligsentralen er gjennom møter med kommunen oppmoda om å styrka sine inntekter frå næringslivet med 100 000. Fitjar Frivilligsentral sitt styre har i sitt møte 9. oktober uttalt at dei er imot reduksjonen i kommunen sitt budsjettvedtak, og forvetningen til næringslivet sitt bidrag. Dei meiner dette er byrjinga på slutten for frivillegsentralen Jf. vedlagt notat.

**Aktive tiltak**

Nedtrekk 1 årsverk på kultur gjeldande frå 01.04.20

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -386 000 | - 567 000 | - 567 000 | - 567 000 |

Kommunestyret la inn to tiltak knytt til dette tiltaket:
Tilbakeføre 80% av nedtrekk kulturstilling

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| 304 000 | 453 600 | 453 600 | 453 600 |

Midlar søkt inn av kulturavdeling

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| - 100 000 | - 100 000 | - 100 000 | - 100 000 |

Nedtrekk bokbudsjett folkebiblioteket i 2 år. Frå kr 158.000,- til kr 75.000,-

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -83 000 | - 83 000 | | |

Generelt nedtrekk

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| -70 000 | | | |

## Plan, utvikling og teknisk

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Plan, byggesak og oppmåling | 1 016 | 434 | 196 |
| Drift og vedlikehald | 16 817 | 16 155 | 15 778 |
| VAR | -545 | -345 | -246 |
| SFLMK | 3 113 | 3 764 | 3 660 |
| Brann og beredskap | 3 201 | 3 384 | 3 493 |
| **Sum Plan, utvikling og teknisk** | **23 602** | **23 391** | **22 881** |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Plan, byggesak og oppmåling | 196 | 309 | 64 | 64 |
| Drift og vedlikehald | 15 778 | 16 110 | 16 502 | 16 488 |
| VAR | -246 | -622 | -1 144 | -1 156 |
| SFLMK | 3 660 | 3 660 | 3 660 | 3 660 |
| Brann og beredskap | 3 493 | 3 530 | 3 530 | 3 530 |
| **Sum Plan, utvikling og teknisk** | **22 881** | **22 986** | **22 611** | **22 585** |

## Plan, byggesak og oppmåling

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Plan, byggesak og oppmåling | 1 016 | 434 | 196 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Plan, byggesak og oppmåling | 196 | 309 | 64 | 64 |

### Målsetjingar:

· Bidra til å realisere miljø- og klimatiltak Jf. verbal føring " Den grøne kommunen"
· Bidra til å realisere ny reguleringsplan for Fitjar sentrum
· Realisere byggeprosjekt som når måla for tenestene
· Økonomisk balanse i sjølvkostområda.

Grunnbemanninga i etaten plan- utvikling og teknisk vert i hovudsak halden på nivå med 2019 pga. av etaten har hatt ei svært stram bemanning over lang tid, og det er ikkje rom for vesentlege reduksjonar i høve til oppgåvene som skal løysast.

Inntektene på plan- og byggesak vert justert med deflator ved at 1M i gebyrregulativet vert justert. Gebyrregulativet har elles nokre få endringar ved at M vert redusert for byggesøknader for bustadar, og vert noko auka på særs krevjande saker. Inntektene frå byggesak har vore noko lågare enn budsjettert i 2019, og dersom dette helda fram i 2020 vil avdelinga auka arbeidet med ulovlegheitsoppfølging. Økonomisk balanse i sjølvkostområda er innarbeida i økonomiplanen frå 2022.

Avdelinga vil av kommunalt planarbeid prioritere ferdigstilling av kommuneplanen sin samfunnsdel, og ny reguleringsplan for Fitjar sentrum. I økonomiplanperioden burde ein ha funne rom for ny reguleringsplan for Kråko sjøhytteområde Jf. sak i utval for plan- og miljø i 2019.

## Drift og vedlikehald

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Drift og vedlikehald | 16 817 | 16 155 | 15 778 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Drift og vedlikehald | 15 778 | 16 110 | 16 502 | 16 488 |

**Ansvar 3100 Drift og vedlikehald, og 3200 Vann og avløp**

**KB:** Er justert ned med nokre endringar i lønn. Det er m.a. overført ei 40 % stilling frå vaktmeistertenesta, for å oppretthalda grunnbemanninga i VA.

Tiltak som er foreslått innarbeida i budsjettet er:

- Auka inntekter frå utleige av kai på Årskog industriområde, for båtar i opplag. Det er lagt inn heilårsverknad for tre båtar.
- Auka kostnader for straum i kommunale bygg, knytt til kostnadsutvikling på energi.
- Lovpålagt kontroll av leikeapparat i skular og barnehagar.
- Lys på uteområdet for småtrinnet på Rimbareid skule for å ivareta barna sin tryggleik, og oversikt for tilsette i friminutta.

Internasjonale, nasjonale og lokale krav til klima- og miljømål påverkar forslaget til grøne investeringar i økonomiplanen, og dette bidreg også til reduserte driftskostnadar.

- I økonomiplanperioden er det lagt inn gradvis kostnadsreduksjon for energibruk for gatelys og redusert innleige av ekstern bistand, pga av foreslått investering for utskifting av armatur til LEDlys.
- I økonomiplanperioden er det lagt inn gradvis kostnadsreduksjon til drivstoff ved utskifting av kommunale tenestebilar til elbilar. Utskiftinga skjer etter kvart som gjeldane innkjøpsavtale går ut. For å realisere dette må me investere i ladestasjon for tenestebilar. For både ladestasjon for tenestebilar og elsyklar søkjer me delfinansiering frå nasjonale klimasatsmidlar.

Ytterlegare innsparingar:

- Forslag om ny fast opningstid for symjehallen frå haustferien (medio oktober) til påskeferien (primo april).
- Redusert tilskot til drift av kommunale idrettsanlegg og utarbeiding av ny avtale med Fitjar idrettslag. Dette vart reversert av kommunestyret.

Det er ikkje funne rom for energimerking av rådhuset knytt til vedtaket i KS om miljøfyrtårnsertifisering, analyse av tiltak for energisparing i alle kommunale bygg, og takreperasjon på Rimbareid skule. Dersom det er rom for dette innanfor ramma til teknisk i løpet av 2020 vil dette vera prioriterte tiltak.

Kommunestyret vedtok ei årleg innsparing på forsikring med kr 50 000,-.

Kommunestyret vedtok ei årleg løyving på 20 000,- til laurdagsbading.

## Vatn, Avlaup og Renovasjon (VAR)

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| VAR | -545 | -345 | -246 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| VAR | -246 | -622 | -1 144 | -1 156 |

På VA området er det dei siste 5 åra gjennomført store investeringar knytt til Vik-Rimbareid, Øvrebygda og Fitjar sentrum/ miljøgate. Utbygginga har skjedd i samarbeid med eksterne aktørar sine utbyggingar i dei same områda. og står overfor større utbyggingar i økonomiplanperioden knytt til m.a. ny Hovudplan for Vatn, og Hovudplan for Avlaup for perioden 2020-2030. Denne er under ferdigstilling, og vert fremja politisk våren 2020. Utbygging av Årskog industriområde kan også influere utbyggingsbehov.

Pga. av beredskap knytt til vassverket er det naudsyn med investeringar i nytt styringssystem i 2020.

Gebyrregulativet for VA må endrast grunna store investeringar dei seinaste åra, og dei kommande. VA er sjølvkostområde, og omfanget av utbyggingane vil auka dei kommunale avgiftene på området.

Dette vert lagt fram som eiga sak for kommunestyret etter handsaming i utval for plan og miljø. Rådmannen tek sikte på å leggja fram sak som gradvis reduserer underskotet med auke i gebyr, på kvar av tenestene. Dei første åra nyttar ein oppsparte midlar (fond), for så å vera om lag i balanse i 2022.

## Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK)

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| SFLMK | 3 113 | 3 764 | 3 660 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| SFLMK | 3 660 | 3 660 | 3 660 | 3 660 |

SFLMK er eit interkommunalt samarbeid mellom Fitjar og Stord kommune, der Fitjar er vertskommune. Det er 4,6 årsverk på eininga. Sidan 2017 har kommunen også seld tenester til Austevoll kommune for ca 830 000 kr årleg. Fagmiljøet sel også tenester i 25 % stilling til Vassregion Hordland, med ansvar for Sunnhordland.

I løpet av 2020 vil ein etter planen gjennomføre ei utviding av vertskommunesamarbeidet med også Austevoll kommune. Det har for budsjettet 2020 vorte reist eit innsparingskrav frå Stord kommune og budsjettet vil verta redusert med kr 84 000,-, dekka gjennom interne omprioriteringar.

## Brann og beredskap

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Brann og beredskap | 3 201 | 3 384 | 3 493 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Brann og beredskap | 3 493 | 3 530 | 3 530 | 3 530 |

**Ansvar 3400 brann og oljevern**

Tenesta på brann og beredskap er auka noko frå 2019 pga. av:

- Pensjonskostnader
- Medlemskap i Brann Vest Jf. KS vedtak i 2019.
- Leige av garasje til ny brannbil, for 2020.

Innsparing på tiltak er: ikkje tilsetting av ekstern varabrannsjef i økonomiplanperioden. Dette vart reversert av kommunestyret.

Kommunestyret la inn to tiltak:
Tilsetjing varabrannsjef

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| 70 000 | 70 000 | 70 000 | 70 000 |

Inntekter tilknytning automatiske brannalarmer

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| - 70 000 | - 70 000 | - 70 000 | - 70 000 |

## Politisk leiing

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Politisk leiing | 3 001 | 6 766 | 6 467 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Politisk leiing | 6 467 | 6 288 | 6 288 | 6 288 |

Budsjett for politisk leiing er stort sett vidareført på same nivå som tidlegare, med fleire mindre justeringar i høve til historisk forbruk. Berre større endringar vert kommentert i det vidare.

Basert på tal frå Statsbudsjettet er det estimert at det sentrale oppgjeret for 2020 vil kosta om lag 3,6 % av lønsmassen i kommunen. Det er sett av midlar til dette i tilleggsreserven, som i 2020 vert sett til 3,12 mill. (mot 3,5 mill. i 2019).

Reduksjonen av tilleggsløyvingsposten skyldast fyrst og fremst at kostnad med lokale forhandlingar er lagt på kvar enkelt eining, heller enn i denne samleposten. Då det knyter seg usikkerheit til dei faktiske utgiftene med lønsoppgjeret har ein normalt sett lagt inn ein margin, det har ein ikkje funne rom for i år.

Godtgjersle til ordførar og varaordførar er justert i tråd med godtgjersla for stortingsrepresentantar og KS-vedtak 52/19.

Det er føreslått at talet på politiske møter vert redusert, alle utval med unntak av kommunestyret og kontrollutvalet kutter eit møte. Det gjer ei innsparing i møtegodtgjersle på 60 000 årleg.

Godtgjersle til kommunestyregruppa er som tidlegare halde på 2014- nivå, 1 300,- per kommunestyrerepresentant. Tilskot til Samarbeidsrådet for Sunnhordland og tiltakspotten er halde på omlag same nivå som i 2018.

Kontrollutvalet har lagt fram eit budsjett på 831 906,- for 2020. Dette er ein auke på 233 705,- frå budsjettet for 2019. Kommunestyret vedtok ein reduksjon av løyvinga til kontrollutvalet på kr 150 000,- årleg,

Næringstilskotet er teke heilt vekk, ved ein vidareføring av tidlegare vedteke reduksjon på 100 000,-, og ein ytterlegare reduksjon på restbeløpet på 100 000,-. Dette vart reversert av kommunestyret.

Kommunestyret vedtok å gje tilskot til Liv og Lyst Dåfjorden på kr 30 000,- årleg i 3 år, som dei søkte om .

Kommunestyret vedtok å løyve kr 100 000,- til arbeidsmiljøtiltak i 2020, som skal disponerast av administrasjoneutvalet.

## Administrasjon

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Administrasjon | 13 094 | 12 472 | 11 830 |

Økonomiplan

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 11 830 | 11 725 | 12 438 | 12 433 |

### Målsettingar 2019-2022

**Digitalisering**

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.

• Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og lågare administrasjonskostnadar.

**Kompetanse og måloppnåing**

• Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
• Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

**Nærvær og sjukefråvær**

• Sjukefråværet skal vera under 6 %

**Attraktive Fitjar**

• Attraktive Fitjar - kommuneplanen sin samfunnsdel, tettstadsutvikling og miljø- og næringsutvikling

Budsjettet for administrasjonen er stort sett vidareført på same nivå som tidlegare, med fleire mindre justeringar i høve historisk forbruk. I høve permisjon er det lagt inn ein ett-årig vakanse på 280 000 i 2020.

Kommunestyret sitt vedtak om reduksjon i sentraladministrasjonen i rådhuset på MNOK 1 i rute, og er innarbeida i økonomiplanen. Denne reduksjonen har medført bortfall av ei 40 %-stilling i Kundetorget, som har gitt oppgåveforskyvingar og tydelegare prioriteringar.

Plan for digitalisering for Fitjar kommune er utarbeida av administrasjonen i 2019, og overlevert til rådmann. I 2020 vert hovudoppgåva for administrasjonen å få ut ny nettside, med mål om at den skal auke graden av sjølvbetening. Vidare vil ein setje i verk ei rekke mindre digitaliseringstiltak for å optimalisere dokumentflyt og redusere unødige arbeidsoppgåver. Frå 2021 er det lagt inn ei mindre gevinstrealisering for desse tiltaka. For personal vil bruk av e-signeringsløysing for tilsetjingsavtalar og vedlegg, samt digital opplæring med verktøyet KS Læring vera satsingsområdet. Dette vil effektivisere tilsetjingsprosessane og dokumentflyten, samt gje ein kvalitetsmessig gevinst på arkiv og kompetanse.

Tilskot til kyrkja og andre livs- og trudomssamfunn er redusert med til saman 275 000,- årleg. Kommunestyret vedtok å auke løyvinga med kr 100 000,- årleg i høve rådmannen sitt framlegg, og samstundes auke tilskot til andre livssyns- og trudomssamfunn med kr 7 000,-.

Stord Fitjar landbruk- og miljøkontor sitt budsjett for 2020 er på same nivå som for 2019. Refusjonen frå Stord kommune for 52 % av Stord Fitjar landbruk- og miljøkontor vert inntektsført under administrasjon, som tidlegare år.

## Økonomisk forvaltning

| | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|
| Økonomisk forvaltning | -6 786 | -5 965 | -2 598 |

Økonomiplan:

| | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Økonomisk forvaltning | -2 598 | -1 456 | -904 | -870 |

Med ny kommunelov er det i hovudsak tre element som ligg att i Økonomisk forvaltning:
- Rentekompensasjonsordninga ligg stabilt på rundt 1,0 mill. årleg
- Integreringstilskotet ligg inne med om lag 1,8 mill. i 2020 og 370 000,- i 2021. Deretter får ikkje kommunen dette tilskotet lengre.
- Utgifter til administrasjon av eigedomsskatten.

# Fitjar kommune

Arkivkode: 150
Saksmappe: 2019/452
Sakshandsamar: Randi Karin Habbestad
Dato: 16.10.2019

## MØTEBOK

## Eigedomsavgifter 2020

| Utval sak | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 71/19 | Utval for plan og miljø | 12.11.2019 |
| 66/19 | Kommunestyret | 11.12.2019 |

**Vedlegg**
1 **SIM Budsjett for FK renovasjon-slam 2020 versjon 1**
2 **Detaljbudsjett Vatn**
3 **Detaljbudsjett Avløp**

**Bakgrunn:**
1. **Vatn og kloakk**

**Historikk:**
I perioden 2008 til 2017 vart årsavgiftene gradvis redusert. Vatn vart redusert frå 3 534,- til 3 029,- (inkl. mva.), medan avløp vart redusert frå 5 452,40 til 3 795,-. Tilknytningsavgiftene vart endra i 2019, for første gang sidan 2006.

**Generelt:**
Detaljbudsjettet som vert presentert i denne saka er dei same som er presentert i Rådmannen sitt forslag til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023.

**Kostnadssida:**
Personale mm.
VA har i heile i 2019 hatt 2,0 stillinger i drifta og direkte mannskapskostander er fordelt 65-35 mellom vatn og avløp. Frå mars 2019 er teknisk sjef ansatt og er lønna i 50 % stilling på VA, 25-25 mellom vatn og avlaup, dette blir vidareført i 2020. I 2020 blir det 2,0 stillinger på vatn og 1,17 % stillinger på avlaup. Lønnsoppgjeret for 2020 er basert på ein vekst frå 2019 på 3,6 %. Prisauke er kompensert med ei individuell vurdering på kostnadsartar, og internkjøp er regulert med kommunal deflator på 3,1 %, jf. Statsbudsjettet.

Avskrivingar og renter:
Det har vore store investeringar i både vatn og avløp dei seinare åre, og i 2019. Dette fører til høgare avskrivings- og rentekostnadar. I tillegg har rentene auka sidan 2018.

Investeringar:
I 2019 har miljøgata blitt ferdigsstilt. Hovudplan VA er under utarbeiding. Oppmåling VA er utført. Me viser til investeringsbudsjettet for kommunen, der alle prosjekta er beskrive.

I tillegg til faste postar, er det i investering 2020 lagt inn nye forslag: oppgradering driftskontroll Vassverk, renovering teknisk bygg, ny PLS på Vassverket, ny kloakkpumpestasjon Årskog og ny

hovedvassledning til Vassverket. Me viser til investeringsbudsjettet for kommunen, der alle prosjekta er beskrive.

**Vurdering gebyr VA:**
Felles:
Fitjar har låge gebyr for avløp og særskild for vatn, sett i hæve til nabokommunar og kommunegruppe. Med dette framlegget til prisutvikling vil Fitjar framleis ha låg avgift knytt til vatn, medan avgift for avløp vil fortsatt vera låg, sjølv om denne blir auka.

Fond:
Fitjar har i fleire år hatt til dels store fond på begge sjølvkostområda. Desse skal i prinsippet brukast i løpet av ein 5-års periode. Budsjettet legg no opp til av vassfondet vert brukt opp i 2022, og avløpsfondet i 2021.

Det er lagt inn forventa renter / avskrivingar på vatn og avløp i planperioden.

Det er og lagt inn gebyrauke med 5 % på vatn i 2 år, og 6 % i 2022. Vatn vil då vera om lag i balanse i 2023, samstundes som fondsmidlane er bruk opp.

På avløp er det lagt inn 10 % auke kvart av dei neste to åra, deretter 6% i 2022. Avløp har eit lite overskot i 2022, medan fondsmidlane vert brukt opp allereie i 2021.

Utvikling av fond vert då:

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Vatn | 963 648,- | 649 808,- | 331 609,- | 59 008,- | 9 530,- | 5 525,- |
| Avløp | 962 798,- | 607 643,- | 214 597,- | negativ | 0,- | 123 619,- |

**2.Gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg:**
Grunna revisjon av avtalen med Stord kommune vert det lagt fram ei eiga sak for utvalet.

**3.Slam og renovasjon:**
Dette arbeidet blir utført av SIM, som og har rekneskapen. Kommunen ivartetek abonnementsregister og dispensasjonar, og har ei lita godgjersle for dette arbeidet.

Abonnementsgebyret for renovasjon vert auka med 50 kr inklusive mva for hus og 38,- kr inklusive mva for hytter. Renovasjon har elles tilfredsstillande resultat og fond. Auken i gebyret skuldast at SIM har auka gebyra til kommunen. SIM sin gebyrauke er grunngjeven med utvida henting av restavfall og henting av plastemballasje heime.

Satsane for slam er foreslått auka frå 2019 til 2020 med 63,- kr inklusive mva for hus. Og 25,- kr inklusive mva for hytter. Slamtøming blir utført annakvart år, men gebyra blir fakturert kvart år, og rekneskapen viser tilsvarande store over- og underskot, som vart førttil / trekt frå fond. Rekneskapen er føresett å gå i balanse over 2 år. Det er ikkje tøming i 2019. Ordninga har tilfredsstillande resultat og fond.

Nytt frå 2020 er at kvar abonnent får sin eigen dunk heime for glas og metallemballasje. Dunk for glas og metall 140 liter må ein betale 125,- kr per år.

**Samanlikning kommunale gebyr i regionen:**

Kommune Sum:
Stord 14.420
Bømlo 13.093
Fitjar 9.110

Kjelde: SSB

Dette er avgifter for standard bustad på 120 kvadratmeter, som omfatter årsgebyr for vassforsyning, avlaup, avfall og feiing.

Blant dei 422 kommunane i Norge, så ligg Fitjar kommune heilt nede på 408.plass, medan Stord kommune er nummer 173. Fitjar kommune har svært låge kommunale avgifter.

**Framlegg til vedtak:**
Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2020, gjeldande frå 1. januar 2020:

- Årsgebyr for vatn vert auka med 5 % i 2020. Avgift for bustad vert 2 672,- (3 340,- inkl. mva.).
- Årsgebyr for avløp vert auka med 10 % i 2020. Avgift for bustad vert 3 680,- (4 600,- inkl. mva.)
- Tilknytingsgebyr for vatn og avløp vert ikkje endra i 2020.
- Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.
- Gebyra for slam vert auka, jf. forslaget frå SIM.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

--- slutt på innstilling ---
**Behandling i Utval for plan og miljø - 12.11.2019:**

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**
Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2020, gjeldande frå 1. januar 2020:
Årsgebyr for vatn vert auka med 5 % i 2020. Avgift for bustad vert 2 672,- (3 340,- inkl. mva.).
Årsgebyr for avløp vert auka med 10 % i 2020. Avgift for bustad vert 3 680,- (4 600,- inkl. mva.)
Tilknytingsgebyr for vatn og avløp vert ikkje endra i 2020.
Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.
Gebyra for slam vert auka, jf. forslaget frå SIM.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

--- slutt på saksprotokoll ---
**Behandling i Kommunestyret - 11.12.2019:**

**Vedtak: (Samrøystes)**
Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2020, gjeldande frå 1. januar 2020:
Årsgebyr for vatn vert auka med 5 % i 2020. Avgift for bustad vert 2 672,- (3 340,- inkl. mva.).
Årsgebyr for avløp vert auka med 10 % i 2020. Avgift for bustad vert 3 680,- (4 600,- inkl. mva.)
Tilknytingsgebyr for vatn og avløp vert ikkje endra i 2020.
Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.
Gebyra for slam vert auka, jf. forslaget frå SIM.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

Olaug Haugen
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

# Fitjar kommune

Arkivkode: M88
Saksmappe: 2018/831
Sakshandsamar: Tore Nesbø
Dato: 06.11.2019

## Møtebok

## Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

| Utval sak | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 70/19 | Utval for plan og miljø | 12.11.2019 |

**Vedlegg**:
Vurdering av kostnadsbilete framover frå Stord kommune

**Bakgrunn:**
I kapittel 3 i lov om brannvern, «kommunens plikter og fullmakter» jfr. § 11. «brannvesenets oppgåver» er det heimla at brannvesenet skal «sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg» Det vert og vist til forskrift om brannførebygjing, § 17 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen kap 7. opplæring og kompetanse, § 7-4 feiarsvenn.

Fitjar kommune har hatt samarbeidsavtale med Stord kommune sidan 1996 innan fagområde feiing og tilsyn med fyringsanlegg, og siste revisjon av avtalen var i 2013. Opprinneleg var økonomien i avtalen ei prosentvis fordeling av avgifta mellom kommunane.
Stord kommune har i 2018 hatt ein gjennomgang av feie- og tilsyns ordninga ut frå sjølvkostprinsippet, og funne at dei faktiske kostnadane er høgare enn avtalen med Fitjar kommune tilseier. Hausten 2018 la Stord kommune fram ei auke i feieavgiftene til abonnentane i Fitjar kommune med ca 20%. I rådmannen sitt framlegg til gebyrsatsar for 2019 meinte ein at dette ikkje var akseptabelt, og rådmannen fekk fullmakt til å vurdere forhandlingar med andre kommunar.
Det har i 2019 på gått samtalar om fornying av avtalen med Stord kommune, men ein har ein ikkje klart å komme fram til semje om økonomien i avtalen.
Som fylgje av dette har Stord kommune sagt opp avtalen den 11.09. 2019
I oppseiingsbrevet ber dei om at oppseiinga får verknad frå 01.01.2020. mens avtalen frå 2013 tilseier 6 månaders varsel. Fitjar kommune held seg til gjeldande avtale, og har varsla Stord kommune om dette.

Med utgangspunkt i nytt avtaleutkast frå Stord kommune ville ei ny feieavgift pr abonnent i 2020 ligge på kr. 819,- mot dagens 680,- alle beløp er inkl. mva. Dette utgjer ein auke på kr. 139,-
Bakgrunn for berekninga er kr 502.600,- i avtale med Stord, og kr 204.247,- i interne kostnader for Fitjar kommune.
Dei interne kostnadene går til 5% Lønn brannsjef ca kr 38.254,-utgifter datakommunikasjon, annonse, husleige og IT program ca kr 47.644,- og fordelte utgifter ca. kr. 118.349,-

I avtalen med Stord kommune ligg det i tillegg inne eit beløp på 25 000 for tilsyn med særskilte brannobjekt, samt at ein leiger inn personell frå Stord for informasjonskampanje for barnehagane i kommunen.
Feieavgifta i Stord kommune ligg på kr 833 inkl mva.

I ny forskrift om brannforebygging er det lagt opp til at det skal utførast feiing og tilsyn også på fritidsbustader.
I Fitjar kommune er det om lag 600 fritidsbustader, ein legg til grunn at ca 500 av desse har pipe/eldstad. Utan om dette reknar ein 1080 husstandar med pipe/eldstad.
I kostnadsbilete som ein fått utarbeida frå Stord, vil det med å ta inn fritidsbustadane med føra ein nedgang i avgifter på kr 31,50 pr. abonnent.

I ny forskrift om brannførebygging legg ein opp til behovsprøvd feiing og tilsyn. Konsekvensen av dette vert ulik hyppigheit alt etter fyringsmønster, risikovurdering og behov, ein går difor vekk frå minimumsfrekvens på 4 år.
Forskrift om brannførebygging regulerer ikkje korleis eit eventuelt gebyr skal innkrevjast. Det er opp til kommunen om ein ynskjer å ha same gebyrsats for alle eller om ein ynskjer å difrensiera størrelse ut frå hyppigheit

**Vurdering:**
Det har vore dialog med nabokommune for å kartlegge faktagrunnlag kring avgifter, og eventuelt kjøp av tenester.
I Austevoll ligg feie- og tilsyns avgifta på kr 638 inkl mva. og ca 2450 abonnentar, Austevoll har eigne feiarar med 1,4 årsverk og vurderer å ta dete ned til 1 årsverk. Dei nemner på at det er vanskeleg å rekruttere kvalifiserte feiarar, og tidlegare så har Austevoll prøvd å leige inn denne tenesta eksternt utan at dette vart ein suksess.

Stord kommune har 3 feiarar og feieavgifta i Stord kommune ligg på kr 833 inkl mva. og ca 6000 abonnentar. Stord kommune har i tillegg inntak av lærlingar innan fagområdet.

Bømlo kommune har 2 feiarar, ca 4000 abonnentar. Dei har gode erfaringar med eigen feiar, men opplever det som sårbart med berre to feiarar ved sjukemeldingar mv. Feieavgifta i Bømlo kommune for 2020 ligg på kr 498,5 inkl mva. Dette utgjer ei auke på 3% i høve til 2019.
Vi har bede om ei vurdering på om Bømlo kommune kan tilby denne tenesta til Fitjar kommune, men har ikkje motteke svar på denne førespurnaden.

Alternativ:
Det har i tidlegare saksutgreiing vore peika på ulike alternativ for feie- og tilsynstenesta i Fitjar kommune, desse er:

1. Tilsetjing av eigen feiar.
Normalløn for feiar ligg i dag på kr. 450.000,- legg ein til kostnader som arbeidsgjevaravgift, feriepengar, og pensjon kostar stillinga kr. 654.435,-
I tillegg kjem fagprogram for utført feiing, feiarbil verneklede/utstyr. Dersom ein legg til interne kostnader vil denne løysninga vere dyrare enn det som er skissert i avtale med Stord, sjølv med 500 nye abonnentar/fritidsbustader. Pr. i dag har kommunen ikkje garderobefasilitetar for feiar, jfr. rein/skitten sone, men dette vil endra seg ved utbygging av ny brannstasjon/ VA på Årskog.
Det er kompetansekrav til feiar i dimensjoneringsforskrifta, og for å oppnå denne kompetansen må ein ha 1 års yrkesskule byggfag eller liknande, læretid på 3 år, og undervisning på Norges brannskule 3 bolkar, til saman 17 veker, og fagbrev i faget.
Som ein «tommelfinger regel» vert det rekna eit årsverk for feiar pr. 2000 piper/eldstader

2. Avtale med anna nabokommune;
Praktiske tilhøve for feiar med omsyn på garderobefasilitetar rein-skitten sone, køyreavstand, ferje avvikling mv, tilseier at dette ikkje er ei god løysing. Nabokommunar sine ressursar på fagområdet fører til at dei eventuelt måtte tilsetje feiar for å utføre tenesta i Fitjar kommune.
Det har ikkje vore signaliser frå dei nabo kommunane vi har hatt kontakt med at dette er ei oppgåve dei vurderer å tilby Fitjar, og vi har slik ikkje kunna stadfesta eit presist kostnadsnivå.

3. Avtale med Stord kommune
Fitjar kommune har gode erfaringar med kjøp av denne tenesta frå Stord kommune, Stord brann- og redning har eit solid og robust fagmiljø innan dette fagfeltet.

Ut frå ei samla vurdering vil ein tilrå at ein fornyar avtalen med Stord kommune innan feiing- og tilsyn av fyringsanlegg, der ein ser på fleire tilhøve enn berre økonomi t.d. kapasitet, kompetanse og robustheit,
Tenestetilbodet innan feiing og tilsyn handlar om brannførebygging og branntryggleik for innbyggjarane i Fitjar kommune, og kvalitet i tenesta. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap har ynskje og føringar på at feiaren sine arbeidsoppgåver skal dreiast frå feiing til meir å fokusere på informasjon om branntryggleik til innbyggjarane, samt tilsynsverksemd innan brannførebygging i kommunane. Rådmannen forventar at tenesteområdet må på lik linje med andre kommunale tenester ha ei forsvarleg og samstundes nøktern drift.
Vi rår til at sjølvkostprinsippet vil verta lagt til grunn for fastsetting av kommunal avgift på feiing.

**Framlegg til vedtak:**
1. Utval for plan og miljø vil be rådmannen forhandla fram ein avtale med Stord kommune innan fagområde feiing og tilsyn med fyringsanlegg.
2. Sjølvkostprinsippet skal liggja til grunn for avtalen.
3. Ny avtale skal leggjast fram for kommunestyret til endeleg avgjerd før 01.02.20

**Behandling i Utval for plan og miljø - 12.11.2019:**
Rådmannen trakk sitt framlegg til vedtak i møtet og la fram nytt framlegg til vedtak slik:

1. Utval for plan og miljø vil tilrå ei auke av gebyr med 24%
2. Ny avtale skal leggjast fram for kommunestyret til endeleg avgjerd.

**Vedtak: (Samrøystes)**
1. Utval for plan og miljø vil tilrå ei auke av gebyr med 24%
2. Ny avtale skal leggjast fram for kommunestyret til endeleg avgjerd.

Olaug Haugen
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

# Fitjar kommune

Arkivkode: 150
Saksmappe: 2019/452
Sakshandsamar: Øystein Sørli
Dato: 04.11.2019

# MØTEBOK

## Gebyrregulativ for 2020

| Utval sak | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 72/19 | Utval for plan og miljø | 12.11.2019 |
| 67/19 | Kommunestyret | 11.12.2019 |

**Vedlegg:**
1 **Framlegg til gebyr for 2020**
2 **Gebyr 2019**

**Bakgrunn:**
I økonomiplanen er det i utgangspunktet for låg sjølvkostgrad for plan- og byggesak. Kommunen sin stramme økonomiske situasjon gjer at vi må betra balansen i sjølvkostområda. Me har difor gjort nokre endringar i ein del betalingssatsar, som de finn i oversikta under. Endringane i betalingssatser er vurdert i høve til arbeidsomfanget som er på ulike saksområde. Me har også samanlikna eksisterande og nye betalingssatsar med våre nabokommunar.

Med desse endringane er det antatt at ein aukar inntektene for 2020 omlag i tråd med løns og prisveksten, og at ein kan nærma seg sjølvkost for plan- og byggesak i tråd med langtidsbudsjettet.

Me har også redusert gebyret for sakshandsaming av gebyr for søknad om bygging av bustad med 2M for å auka attraktiviteten av å byggja og busetja seg i Fitjar, og at ein ønskjer lågare gebyr for bustader enn fritidsbustader. Dette også i samsvar med at ein i Fitjar får redusert eigedomsskatt for nye bustadhus i eit antal år.

**Endringar/nye pkt. i gebyrregulativet er merka med rødt.**
**Pkt. som går ut er merka med blått.**

**Oversikt over endringar:**
Det er føreteke nokre verbale endringar, samt retting, presisering og forenkling av noko av teksten.

**Den generelle satsen**
Me har i forslag til budsjett heva dei generelle gebyrsatsane med 3,2 % i tråd med deflator. Me aukar M frå kr. 3.100,- til kr. 3.200,- (3,2 %).

**Timepris etter medgått tid**
For alle typar arbeid etter medgått tid aukar me satsen frå 0,4m til 0,5M. Dette for betre samsvar med den faktiske arbeidsmengda.

**§ 1.5 Endringssøknad**
Me aukar satsen på endringssøknader frå 0,5M til 1M. Dette for betre å ha samsvar med den faktiske tidsbruken i arbeidet.

**§ 1.7 Urimeleg gebyr**
For tiltak som t.d. idretts-/ sportsanlegg utan bygning/ tribune, fotball-, skeisebane, nærmiljøanlegg o.l er endra frå «fritak for gebyr» til tiltak som etter søknad kan fritakast frå gebyrplikta heilt eller delvis. Dette på grunn av arbeidsmengda med handsaminga.

**§ 2.1 Dispensasjonar**
For søknader om dispensasjon frå byggjeforbodet etter Pbl § 1-8 er satsen auka frå 8M til 9M. Dette fordi det er meir arbeid med dispensasjonssøknader i 100-metersbeltet, og at ein i utgangspunktet bør vera strengare med å gje dispensasjonar i strandsona i tråd med statlege retningsliner.

**§ 3.2 Byggjesaker**
Som nemnt ovanfor er satsen for einebustader redusert frå 10M til 8M. Dette også fordi Fitjar har lagt noko høgare enn Stord for einebustader.

I tillegg er det innført ein sats for bustadblokk over 15 leiligheter, som mangla tidlegare, med 40M.

Tillegg for sekundærleilighet på felles garasjeanlegg utgår. Dette fordi det ein type tiltak som ikkje vil vera ønskjeleg.

**§ 3.3 Næringsbygg**
§ 3.3.5 Innretning for uteservering utgår. Dette fordi det er ein type tiltak som neppe kjem ofte, og det er eit ønskje om forenkling av regulativet. Me kan ikkje ha eit regulativ som dekkjer alt. Sakstyper som ikkje er omfatta av ein paragraf i regulativet vil uansett bli omfatta av § 1.8 gebyr etter medgått tid.

**§ 3.6 Naust**
Søknader om naust blir flytta frå gebyr frå garasje, carport og uthus og aukar frå 3M til 5M. Dette fordi det er meir arbeid med søknader i 100-meters beltet.

**§ 3.9 konstruksjonar og anlegg**
Det spesifisert nærare dei ulike satsane for konstruksjonar og anlegg etter omfang og storleik på flytebrygge, brygge, kai og molo. Dette for at det skal vera enklare å forutsjå gebyret for dei vanlegaste type anleggstiltak.

Satsen for større anlegg er ny med sats på 12M. Dette fordi større anlegg som t.d. VA-anlegg over 50 pe har vist seg svært tidkrevande.

**§ 3.10 tiltak med eksisterande bygningar og bruksendring**
Satsen for bruksendring av tilleggsdel til hovuddel er auka frå 1M til 2M. Dette for betre å ha samsvar med den faktiske tidsbruken i arbeidet.

**§ 3.11 Riving**
For riving er det lagt til eit ekstra steg på under $50m^2$. Dette for å ha samsvar med SAK10 som har eit skilje på $50m^2$ for søknadsplikt. Det har også ført til ein auke på riving av bygg 50–$100m^2$ frå 1M til 2M og bygg over $100m^2$ frå 2M til 3M. Dette for betre å ha samsvar med den faktiske tidsbruken i arbeidet.

**§ 3.15 veg og parkeringsplass**
For parkeringshus er det presisert at gebyret er på 3M då det tidlegare kunne framstå litt uklart. Samstundes er teksten for veganlegg over 150m lengde endra til pr. påbegynnt 50m i staden for pr. påbegynnt 150m for betre å ha samsvar med den faktiske tidsbruken i arbeidet.

**§ 3.20 Ansvarsrett**
Ny post for kontroll av kompetanse av føretak som ikkje har sentral godkjenning med sats 1M. Dette fordi det har vist seg i 2019 at det går med eindel tid på dette.

**§ 3.21 Ferdigattest**
Me forlengar gebyrfristen for ferdigattest frå 3 til 6 år samstundes som me legg til ein gebyrsats på 1M ved etterspurnad av status på løyve og manglar ved søknad om ferdigattest. Dette fordi etterspurnad og manglar er tidkrevande og me ønskjer auka effektivitet på ferdigattester frå tiltakshavarar.

**§ 5.1 Oppretting av matrikkeleining**
Satsane og storleikane for areal er endra for å vera i tråd med arealstorleikane som Aukas opererer med sidan me pr. i dag kjøper tenesten av dei. I tillegg er det innført ny sats for punktfeste som mangla for 2019.

**§ 5.2 Matrikkulering**
Trinnsatsen for oppmåling av eksisterande umatrikkulert grunn over 2001$m^2$ er redusert frå 2M per påbegynt daa til 1M. Dette for betre å vera i tråd med kostnaden til Aukas.

**§ 5.4 Grensejustering**
Trinnsatsen for oppmåling av grunneigedom er endra til 0-100$m^2$ og 101-500$m^2$, samstundes som satsen er auka frå 3M til ihhv 4M og 5M. Dette for betre å vera i tråd med kostnadene til Aukas.

Satsen for anleggseigedom 0-250$m^3$ er auka frå 3M til 4M og 251-1000$m^3$ er auka frå 4M til 5M. Dette for betre å vera i tråd med kostnadene til Aukas.

**§ 5.5 Arealoverføring**
Trinnsatsane for arealoverføring for grunneigedom, festegrunn og jordsameige er endra og satsane auka i tråd med kostnadene til Aukas. 0 – 250 $m^2$ er auka frå 4M til 6M, i tillegg er det innført arealtrinn ut over dette med eigne satsar.

**§ 8 Reguleringsplanar**
Gebyr for hjelp til planstatus er auka frå 400,- til 500,- i tråd med generell prisauke og tidsbruken i arbeidet.

Ny post for førehandskonferanse før oppstart av reguleringsplanar er innført med same gebyr som for førehandskonferanse i byggesaker. Dette fordi dette har vore eit sakn.

For sakshandsamingsgebyr for reguleringsplanar er det lagt til ein ekstra sats på areal over 150 daa. Dette fordi det er meir omfattande handsaming med større planar.

**Framlegg til vedtak:**
Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2020

**Behandling i Utval for plan og miljø - 12.11.2019:**

Representanten Bård Inge Sørfonn (KRF) kom med slikt framlegg til tilleggspunkt under § 1.7 i regulativet.

For tiltak som har fått tilsagn/støtte frå Enova vert sakshandsamingsgebyret redusert med 1 M.

Røysting:
Vert røysting vart framlegg frå Bård Inge Sørfonn samrøystes vedtek

**Tilråding til kommunestyret Samrøystes):**
Fitjar kommunestyre vedtek framlagt gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2020 med følgjande tillegg til § 1.7 lagt føre i møtet:

For tiltak som har fått tilsagn/støtte frå Enova vert sakshandsamingsgebyret redusert med 1 M.

--- slutt på saksprotokoll ---
**Behandling i Kommunestyret - 11.12.2019:**

**Vedtak: (Samrøystes)**
Fitjar kommunestyre vedtek framlagt gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2020 med følgjande tillegg til § 1.7 lagt føre i møtet:

For tiltak som har fått tilsagn/støtte frå Enova vert sakshandsamingsgebyret redusert med 1 M.

Olaug Haugen
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*